

Kyrkjebladet

nr. 7 Kyrkjeblad for Gloppen desember 2015 Årgang 45



God jul i heim og kyrkje

Julenummer 2015

Vi har lova lesarane 60 sider til jul, og 60 sider blei det. Det skal vere noko ekstra til jul, seier vi gjerne. Julenummeret av Kyrkjebladet har alltid vore litt gildare enn dei andre nummera, med ein del meir «underhaldning» og gjerne meir frå gamle dagar enn elles. Slik vil vi ha det. Vi ønskjer lukke til med lesinga! Og når du ikkje vil lese, kan du bla litt og sjå, eller løyse oppgåver. Vi veit nok at vi har ein trufast gjeng som løyser kryssord, men i år er vi spente på om nokon greier å løyse julequiz'en, så vi får trekke ein vinnar! Les om den einslege kajakkpadlaren som gjekk for presten, om han som har vore misjonær i Bolivia, les julehelsinga frå Etiopia, historia om søndagsskulen på Nesjane, om Ove Eide som har møtt Kongen, les dikt av Hans Ommedal, eller sjå bilde av Breim Songlag i 50-åra, av jubilerande breimskonfirmantar eller det nye soknerådet i Breim, eller born og vaksne som var med på ting som skjedde i kyrkjene våre i haust. I det heile: Kos deg med bladet.

Heil årgang?

Kanskje du samlar på Kyrkjebladet, men av ein eller annan grunn manglar eitt eller fleire av nummera siste år? I så fall kan du vere heldig å få det du manglar om du snakkar med distributørsjef Harald Aske. Kvar gong bladet kjem ut, har vi nokre eksemplar til overs, og dei er ikkje kasta. Dersom du er tidleg nok ute, har han det du manglar. Du kan helse frå redaktøren og seie at det er gratis. Og har du ein son eller ei syster eller andre utanbygds som du gjerne vil gje ein heil årgang (2015) til, kan du spørje pent om å få det og.

Økonomien

Vi har ikkje gjort opp rekneskapen. Men vi trur at vi har akkurat nok til å betale for oss når dette nummeret er ute. Difor kjem vi til å be om bladpengar allereie i første nummeret neste år. Vi er ikkje urolege for økonomien, men vi må følgje med heile tida, og vi prøvar å mase nett passeleg mykje. Det mest gledelege er at det er stadig fleire som betaler for bladet. Og dersom talet på betalande aukar neste år og, treng ikkje den einskilde betale meir enn før, sjølv om ei svekka krone gjer trykking i utlandet dyrare.

Tema i 2016

Dette skal vi kome tilbake til, berre gjere merksam på at i det første nummeret har vi tenkt å setje søkelyset på korleis vi tek imot dei som kjem til oss frå andre land. Kva møter dei når dei kjem til våre bygder og våre forsamlingar? Veit vi kven dei er? Kva slag kontakt ønskjer dei? Kva kan vi greie å gjere, og korleis går vi fram? Vi ønskjer ikkje å løfte moralske eller politiske peikefingrar, og vil prøve å gjere stoffet aktuelt, konkret og til å leve etter. Har du noko på hjartet om dette, er det fint om du tek kontakt med oss.

Framsida

Sandane kyrkje har ei fin julekrubbe med store figurar, og det er Gunn Hole som har stilt dei opp og sikta seg inn på eit bilde. Takk til henne. Gå til Sandane kyrkje i jula, så får du sjå!



Innhald
nr. 7

FOR TANKE OG TRU

Biskop Halvor deler tankar om Jesus, Gud og barn	03
Tore prest skriv leiarartikkel om flyktingkrisa	05
Kari Gåsemyr ser på gjetarane som tilber Jesusbarnet	42
Barneside om juleevangeliet m.m.	28
Organist Anders syner oss julesalmen «Fra fjord og fjære».	46
Morten Leirgul deler adventstankar som spaltist	52
Både Britt Evy Vik og Ingemar Sårheim skriv om sin salme	53 og 55
Hans Ommedal skreiv dikt	47
Om julepynt og meir enn det	44

DETTE VAR VI MED PÅ

Lysmesse i Hyen	40
Adventskonsert i Gimmestadskyrkja	18
Gospelkveld i Hyen	21
Folkemusikk gudsteneste i Vereidskyrkja	22
Bokutdeling til herlege førsteklasingar	36
Juleloppemarknad i november	50

MØTE MED MENNESKE

Malvin Ommedal fortel frå misjonsarbeid i Bolivia	14
Ove Eide fekk Kongens stempel	12
Björg Henden Bergset padla kajakk då ho gjekk for presten	24
Arne og Olaug Eikenes fortel om korleis dei driv søndagsskule	10
Jubilerande breimskonfirmantar	38
Møt det nyvalde Breim sokneråd	20

MEST FOR MORO

Noko å gjere for born	27 og 28
Julekryssord med premiering	30
Julequiz for store med premiering	32
Snekalefse med Oddlaug	26
Då bestefar lauga seg	48



Av Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

Ein avgrensa gud

På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilete som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oksen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida:



Jesusbarnet i krubba. Utsnitt frå den gamle tredøra i mellomalderkyrkja i Köln.

HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa. Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin

kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste. Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, her ligger Han på moders fang.» Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lét seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne nokon stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi eigentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje. Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss.» (Johannesevangeliet 1, 14) Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt!

Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske - men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu.» Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst overalt, men han lét seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsentrente perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

Eitt år har gått

AV ODDVAR ALMENNING

Eitt år har gått sidan forrige julenummer, og når ein rundar år, kan ein kaste eit blikk bak over skuldra for å sjå på kva ein dreiv på med, for ein går mot framtidige oppgåver. Etter nokre år i ny fasong, kan vi lage oppstillinga du finn nederst på sida.

Etter å ha prøvd med åtte utgåver i 2013, gjekk vi tilbake til sju, med fire i vårsemesteret og tre om hausten, slik det har vore i «alle år». Slik tenkjer vi det blir framover, og. Vi innbillar oss at vi lagar stadig større blad, men oppstillinga syner at det blei fleire sider i 2014 enn i 2015. Ser ein nærare etter, er det nok Grunnlovsjubileet som er grunnen til det. At vi konsentrerer oss om tema, trur vi er ein fordel for kvaliteten på bladet, og for lesaren. Men det er meir krevjande for redaksjonen.

Oppstillinga seier sjølvsagt ikkje noko om «kvalitet», men det er eit mål for redaktøren av vi skal levere stadig høgare kvalitet. Kva det betyr i praksis, er vanskeleg å definere. Stikkord kan vere: -dagsaktuelle tema, nærleik til det som skjer i kyrkja i gudstenester, trusopp-læring, konsertliv etc, betre bilde, meir profesjonell måte å skrive på, større breidde, djupare tenking, klokare vurderingar, meir humor, lokal forankring, nærare folkesjela. Så vi har nok å gjere!

Så vender vi blikket framover att, og tenkjer meir på det vi skal gjere enn det vi har gjort. Følg oss, tips oss, støtt oss. Vi lagar eit blad vi er stolte av. Og vi prøver å forbetre oss.

Blad i postboksen?

Nytt på Sandane er at Posten er flytta til Coop Extra. Dei som ikkje har grøn postkasse, men fekk bladet i postboks i den tid postverket distribuerte bladet, har sidan overgangen funne blad nær postboksane i Sandane Senter. Vi har ikkje fått gjort nokon avtale om ny ordning, så inntil vidare må vi seie at dei som vil ha blad, får det hos Wagner. Men ny ordning skal vere på plass til neste gong, er meininga.

Eg kan, du kan og vi kan - diakoni i kyrkjelydsarbeidet

Laurdag 23. januar kl. 11-16 i Sandane kyrkje blir det inspirasjonssamling. Vi får besøk av diakoni- og misjonsrådgjevar Vetle Karlsen Eide frå Bjørgvin bispedømekontor. Med utgangspunkt i "Plan for diakoni i Den norske kyrkja" og det lokale arbeidet, behov og utfordringar, vil han leie oss gjennom dagen. Saman vil vi sjå på det vi har/ ikkje har i Gloppen, vurdere kva vi vil gjere vidare og korleis vi skal handle framover.

"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd." Diakoniarbeidet i Gloppen er

eit samarbeid mellom dei tilsette i kyrkja, frivillige medarbeidarar i alle sokna, ulike lag og organisasjonar. Arbeidet er retta mot personar i alle aldersgrupper og i ulike livssituasjonar.

Velkomen til inspirasjonssamling - alle interesserte - frå heile Gloppen! Fri entré. Enkelt lunsjmåltid og kaffi. Høve til å gje ei takkegave til eit spesielt prosjekt.

Påmelding innan 15. januar til diakoniarbeidar Britt Randi Heggheim, på e-post bri-rh@online.no eller på tlf./sms 90847592. Ver venleg å gje beskjed om det er spesielle ting vi skal ta omsyn til m.o.t. mat.

gi få ÅRETS JULEGAVE!

Kjøp unik glasskunst med julemotiv laget for Det Norske Misjonsselskap av kunstneren Astri Vadla Ravnås! Serien har fem motiv, alle er 10 cm i diameter: Krybben (2011), englene (2012), hyrdene (2013), de vise menn (2014) og verden (2015 - årets motiv).

PRIS: Kr 1000,- per motiv. (Av dette går kr 750,- direkte til NMS sitt verdensvide misjonsarbeid.)

BESTILLING: Ring 51 51 61 00, send epost til info@nms.no eller bestill på nms.no/julegave





Det Norske Misjonsselskap

2013			2014			2015		
Nr	«Tema»	Sidetal	Nr	Tema	Sidetal	Nr	Tema	Sidetal
1		20	1	Dåp	28	1	Jubileumsbok	36
2	Påske	28	2	Misjon	28	2	Påske	40
3		24	3	Han stod opp	44	3	Salmar	36
4	Jubileum	36	4	Grunnlova	56	4	Søndagsskule	36
5		24	5	Ungdom	40	5	Nattverd	32
6		28	6	Kyrkjegang	40	6	Misjonsprosjekt	40
7		32						
8	Jul	44	7	Jul	64	7	Jul	60
Sum		236			300			280

Kyrkjeblad for Gloppen

www.gloppen.kyrkja.no

Utgjeve av sokneråda i Breim, Gloppen og Hyen. Kjøm ut minst 7 gongar i året på Sandane. Betaling etter ønske. Bankkonto: 3705 04 71307
Grafisk design: Crater AS
Trykk: Druka, Klaipeida

Kasserar:

Venke Kollbotn, Breim sokn
 Tlf. 97 77 73 83
 Epost: venkekoll@hotmail.com
Distribusjonsansvarleg:
 Harald Aske
 Tlf. 57 86 57 30 / 970 24 915
Redaktør: Oddvar Almennning
 Tlf. 57 86 94 24 / 400 04 377
 Epost: oddvar@svale.no

Redaksjonsnemnd:

Tore Myklebust, tlf. 456 01 260
tore.myklebust@gloppen.kyrkja.no
 Vidar Bjotveit, tlf. 958 80 030
vidar.bjotveit@gloppen.kyrkja.no
 Anders Rinde, administrasjonen
 Tlf. 57 86 93 06 / 997 20 238
anders.rinde@gloppen.kyrkja.no
 Harald Aske, Gloppen sokn
 Tlf. 57 86 57 30 / 970 24 915

Epost: harald.aske@eninvest.net
 Aslaug Heimset Larsen, Hyen sokn
 Tlf. 57 86 98 67 / 995 24 502
 Epost: tor.arne.larsen@eninvest.net
 Gunn Hole, Gloppen sokn
 Tlf. 454 23 728
 E-post: gunn.sol@gmail.com
 Rønnaug Ryssdal, korrekturlesar
 tlf. 950 72 392
 E-post: ryssd@online.no



Tore Myklebust

Terror og flyktningkrise

Når vi om nokre veker summerer opp det som har skjedd i 2015, skal det mykje til at det ikkje er to ord som vil dominere overskriftene, ”flyktningkrise” og ”terror”. Begge deler velkjent for oss alle, lenge før terroren i Paris, – det var vel i grunnen noko slikt mange lenge hadde frykta.

Faren for terror har gjort noko med oss her i Nordfjord også. Ikkje fordi vi i fredelege Gloppen har særleg grunn til å tru at det skal skje eit terroranslag her. Men det gjer noko med oss når vanlege politifolk går rundt med våpen til dagleg. For dei fleste av oss skaper det nok mest utryggleik, for andre kan det gje ei kjensle av tryggleik. Vonaleg gjer det at dei som er politifolk kjenner seg betre rusta om dei mot formodning plutseleg skulle hamne i ein situasjon. Ein større siger for dei som ønskjer å spreie frykt er det massive oppbødet av securitas-vakter på flyplassane. Sjansane for å avverje noko er der sjølv sagt. At det skaper ubehag og bryderi for alle reisande er i alle fall heilt klart, og det er den verste bruken av offentlege midlar og folk som kunne vore veldig mykje betre nytta. Men alt dette blir for ingenting å rekne mot det vi tek inn frå nyheitene utanfrå. Scenene frå Paris skjer oss i hjartet!

Tidleg i år kunne vi lese i Vårt Land at Stefanusalliansen aldri har sett verre forfølging av kristne enn i Nigeria. Seinare kom alle dei forferdelege skildringane av flyktningar i overfylte farkostar som ikkje ein gong er eigna til å krysse Gloppefjorden ein vakker sommardag! Tusenvis av menneske har drukna i Middelhavet. Ganske mange har også blitt redda m.a. av norske «Siem Pilot» og RS «Peter Henry von Koss» som inngår i EUs redningsarbeid, eit lyspunkt i eit elles mørkt kapittel.

Dei seinare månadane har det stadig kome rystande meldingar i nyheitene om den om mogleg endå meir brutale framferda til IS. Ingen kan vere uberørt når ein høyrer om barn i barneskulealder som blir tvinga til å bli soldatar og får opplæring i våpenbruk og blir drepne om dei ikkje blir med, om unge jenter og kvinner som blir misbrukte på det grovaste og selde som sexslavar, så barbarisk at det saknar sidestykke.

Mange menneske i dei IS-kontrollerte områda i Irak og Syria har hatt stått overfor tre val, konvertere til jihadistisk islam, bli drepne eller flykte. Det har resultert i den største flyktningkrise etter krigen. Den vedkjem oss alle som

enkeltmenneske og som kyrkje, – ikkje minst til å ta godt i mot dei som bankar på døra vår.

Biskopen vår, Halvor Nordhaug, har sendt brev til kyrkjelydane om flyktningkrise som utfordrar oss alle. Han skriv m.a.: ”No vert våre grunnleggjande kristne verdiar sette på prøve. I møte med dei flyktningane som kjem til lokalsamfunna våre, kan vi alle vere med og hjelpe. Dei fleste av flyktningane kjem frå samfunn der religion spelar ei langt større og tydelegare rolle enn hos oss. Som kristne veit vi kva det er å vere truande. Slik har vi ein særskilt kompetanse og ansvar for å møte flyktningane også som religiøse menneske. Mange er kristne. Desse kan vi gje ein kristen fellesskap, som kryssar både språk- og kulturgrenser. Dei fleste flyktningane tilhøyrer andre religionar. Desse må vi møte med kristen integritet og openheit. I kyrkjene våre vil vi også be for flyktningane, og om rettferd og fred i land dei rømmer frå. Som Skrifta seier: «Gløym ikkje å vere gjestfrie, for på den måten har somme hatt englar på besøk utan å vite det.» (Hebr. 13.2)

Ja, lat oss gjere det. Her i Gloppen kan du kontakte Røde Kors om du kjenner at du har høve til å gjere noko. Kva vi etter kvart kan bidra med som kyrkje står også sjølv sagt på agendaen både for oss i staben i kyrkja, sokneråda og andre fora i kyrkja. Elles kan vi alle gje både når det er offer og direkte til hjelpeorganisasjonane. Og lat oss slåst mot frykt og terror ved frimodig også med dette bakteppet å halde fram med å forkynne fredens evangelium!

Med til eit klassisk luthersk syn høyrer at øvrigheita, eller staten, både har rett og plikt til å sikre ro og orden, i riket og mot omverda, og at kristne med frimod kan delta i det. Men som kyrkje og kristne har vi eit anna verktøyskrin, Efesarane 6,13-18: ”Ta difor heile Guds rustning på, så de kan gjera motstand på den vonde dagen, vinna over alt og bli ståande. Så stå då fast: Spenn sanninga til belte om livet, ta rettferda til brynje, og snør fredens evangelium til skor på føtene, så de er klare til å gå. Lyft trua høgt til skjold i alt som hender! Med det kan de sløkkja alle brennande piler frå den vonde. Ta frelsa til hjelm, og grip Andens sverd, som er Guds ord. Gjer dette i bøn, og legg alt fram for Gud! Be alltid, i Anden! Vak og hald ut i bøn for alle dei heilage.”

Får Guds kjærleik slå rot i eit menneskehjarte vil det få positive verknadar for alle rundt også. Med ønskje om ei god jul og eit velsigna nyttår!



Fortalt av Kristiane Lotsberg i 1954.
No også som teikneserie.



Jon Skjerdal var fødd i 1873. Han hadde gått «Kårstadskulen» i Volda, oppglødd og frimodig. Han stakk ikkje meiningane sine under stolen, men klok, varmhjarta, stillfarande og høgrest bar han dei fram.




Etter at han hadde besøkt søndagsskule på Tystad, fekk han tru for å ta til med søndagsskule på Hestenesøyra òg. Det var hausten 1898.



Han fekk med seg den unge læraren i bygda, Anders Heien. Ane Apalset, Erke-Ane, var og med. Ho hadde slikt godt lag med borna, og var flink til å fortelje og synge.



Eli Folven, hushjelp med Erke-Ane, og Pernille Kvitenes spela gitar og song, og born og vaksne stemte i med etter kvart som dei lærte songane.



Dei heldt til i skulehuset. Menn og kvinner i alle aldrar kom og var med søndag etter søndag.



Erke-Ane hadde ansvar for fyring og vask, og ho tykte det var lettare både med varme og reinhald når dei kunne ha søndagsskule i ei stove som elles ikkje var brukt noko større. Søndagsskule var no med Erke-Ane i fleire år frametter.



Men grunna sjukdom i heimen måtte dei flytte tilbake til skule. Anders Heien og Eli Folven fór frå bygda, og dei var få att. Marte Havnen hadde vore med. Ho spela og song, men deltok ikkje i arbeidet på annan måte.



Jon laut stå i. Han måtte i båt for å kome til søndagsskule. Han sleit ofte hardt i sønnavinden som stod ut Høyfjorden når han skulle heim. Men han heldt ut.



-Neste gong må du fortelje noko til borna, sa han ein dag til Marte. -Du har berre godt av det.



Marte stokk. Ho torde slett ikkje love noko slikt, enda ho på ein måte kunne ha lyst. Ho grunda dag og natt på oppgåva og visste om lag kva ho ville seie.



Men då ho stod framfor borna på søndagsskulen, og dei andre var samla, greidde ho det ikkje. Ulukkeleg gjekk ho heim.



Men Jon gav ikkje opp. Han oppmoda igjen, og ho kjende at det var Guds vilje. Då søndagen kom, var Jakob Lothe der òg, læraren ho hadde gått i skule med og hadde respekt for. -Enn om eg kjem av, for ei skam det vert, tenkte ho.



Men det ho hadde lova, ville ho halde. Det vart inga skam, nei, og motet vaks. Men det rann ikkje i hennar tanke at om nokre år var det ho som hadde ansvaret.



Det har gått mange år. Jon har vore gjennom hard sjukdom, men er frisk att. Han og kona Inger Alme som var med då dei starta søndagsskulen på Vereide i 1895, inviterer til gjestebod og søndagsskule heime i Skjerdalen. Mange kjem og samlar seg i kvardagsstova. I bestestova står mange bord duka og fullsette med god mat. Det skal smake godt, tenkjer borna som får ein glytt av herlegdomen når Inger svintar om dørene.



Men han som har lova å ta teksten kjem ikkje, og Marte er ubudd, hjelpe-laus og ulukkeleg. -Kan ikkje du ta teksten i dag, Jon? bed ho med tårer i augo.



-Nei. Du må ta teksten. Slik må det vere! - Ja, men du har hatt teksten før. Du snakka om Peter og Johannes som skulle opp i tempelet for å be. Eg hugsar kva du sa.



-Å, gjer du det! Ein augne-blink går det eit lyst, takk-samt drag over det bleike, alvorlege andletet. -Men no må du prøve, Marte!



Marte må ta teksten. Og Jon kjenner godt att sin eigen søndagsskuletime for lenge sidan. Han knyter til nokre tankar etterpå.



-Du synest vel at eg var hard i dag. Eg tykte hjarteleg synd på deg, men eg trur du må gjennom dette for å herdast og vekse for oppgåva di. Her er eit bibelord du skal få med deg.

Marte leitar opp og les: «Gjev akt på deg sjølv og læra! Hald ved med det, for når du det gjer, skal du frelse både deg og dei som høyrer på.» Marte hadde ansvar for søndagsskulen til 1973, i 50 år.





Hestenesøyra søndagsskule ca.1960 framfor heimen til Marte Havnen. 1. rekkje f.v.: Rune Hestenes, Eivind Eikenes, Sølvi Hestenes, Anngjerd Hestenes, Eli Eikenes, Kristi Astrid Arnestad, Maren Hestenes, Liv Margret Hestenes, Jakob Devik, Ola Devik. 2. rekkje f.v. Annbjørg Eikenes, Ola Kvitenes, Arne Eikenes, Tore Eikenes, Jan Per Eikenes, Harald Eikenes, Jon Hunvik, Elin Hestenes. 3. rekkje f.v. Matias Hestenes, Ingrid Hunvik (litt skjult), Marte Havnen, Aud Karin Hestenes, Oddlaug Kvitenes. Foto: Jon Eikenes

Hestenesøyra søndagsskule

AV ARNE EIKENES

Marte Havnen hadde ansvaret for Hestenesøyra søndagsskule i ein periode på 50 år – frå 1923 til 1973. Marte styrte telefonstasjonen på Hestenesøyra, ho hadde det daglege ansvaret for det vesle gardsbruket Havnen, men hjartebarnet hennar var heilt visst søndagsskulen. Ikkje mange kan vise til ein slik innsats for hjertesaka si.

Oppstart i 1898

Kyrkjebladet har i 2015 hatt fyldig omtale av starten på søndagsskulearbeidet i Gloppen – på Tystad i 1895. Ei av dei som var med der, var Malena Arnestad, søster til Lars Arnestad, som seinare vart lærar på Hestenesøyra. Jon Skjerdal, fødd 1873, frå Arnebruket i

Skjerdal, var med på «ein gild» søndagsskulefest på Tystad, og fekk tru på at dei skulle starte opp søndagsskule i heimekrinsen. Saman med Anders Heien, som då var lærar i Nesjebygda, starta han opp Hestenesøyra søndagsskule i 1898 – tre år etter oppstarten på Tystad. Sandane søndagsskule vart også starta opp i 1898.

Dei første åra

Jon Skjerdal og Anders Heien var leiarar for søndagsskulen dei første åra. Heien flytte til Sudstranda (Rygg) i 1902, men andre frå Nesjekrinsen kom med i arbeidet, mellom anna Erke-Ane, Ane Apalset. Det vert fortalt om henne at «ho hadde slikt godt lag med

ungane, og var flink til å fortelje og synge». Møta vart haldne i skulehuset, og Ane hadde ansvar for fyring og vask etter møta. I ein periode fann leiinga det enklare og meir praktisk å ha møta i ein heim, og Erkestova var rommeleg og god. Seinare vart møta igjen lagde til skulehuset.

På denne tida var det ikkje berre born som kom og var med på søndagsskulemøta. Menneske i alle aldrar møtte fram og var med på samlingane til fram på ettermiddagen, søndag etter søndag.

Marte

Marte Havnen kunne både synge og spele,



Mange av dei ulike laga i Gloppebygdene arrangerte turar. Også Hestenesøyra søndagsskule gjorde det. Dette bildet er frå ein søndagsskuletur til Osmundnes i 1925.

og kom med i søndagsskularbeidet i konfirmasjonsalderen. Jon Skjerdal stod på som leiar og formidlar av «Ordet», men det var ikkje alltid enkelt å måtte i båt for å kome til skulehuset på Hestenesøyra. Når synnaveret står på, kan den forholdsvis korte roturen mellom Skjerdal og Eikeneshamnen vere utfordrande nok. Etter kvart ønskte Jon avløyning og utfordra Marte til ikkje berre å vere musikalsk medhjelpar, men til også å «ta teksten» og fortelje til borna. Ho kvidde seg, og følte seg ikkje skikka til det som ho såg som ei større oppgåve enn ho kunne makte. Men Jon oppmuntra henne, og ho lova å prøve. Søndagen kom, og folk møtte fram. Ein av dei som deltok på akkurat den samlinga, var Jakob Lothe, læraren hennar - som seinare vart stortingsrepresentant og lagtingspresident. Marte greidde oppgåva si, og frå 1923 hadde ho ansvar for Hestenesøyra søndagsskule.

Etter at Marte tok over, vart samlingane lagde til Hamnastova i heimen til Marte. Oddbjørg Eikenes, fødd i 1929, busett i Volda, minnest med stor glede Marte og søndagsskulane i «Hamnen». «Det var ikkje snakk om å ta av seg skoa. Marte hadde nok mykje både føre- og etterarbeid i tillegg til sjølve samlingane.» «Marte og eg fekk eit nært forhold. Vi sende julekort til kvarandre i alle år,» minnest Oddbjørg.

Julefestar

I lang tid var det tre julefestar på Nesjane. Barnefesten, der skulen og «krinsen» hadde felles ansvar, ungdomsfesten i regi av Nesjane

kristelege ungdomslag, der det lenge var slik at ungdomane skulle vere konfirmerte før dei fekk delta, og så søndagsskulefesten. Kjøpe(te)brød var viktig på slike tilstellingar. Oddbjørg Eikenes meiner å hugse at Marte spanderte maten på søndagsskulefestane. Og så må vi ha i mente at Hestenesøyra var ei veglaus grend på denne tida. Bygda sin båt, «Nesjar», måtte ofte gå ekstratur til Skrotan på Vereide for å hente bakarvarene. Artikkelforfattaren tippar at båtføraren, Ole-Nesen, far til Oddbjørg, ikkje tok seg særleg betalt for dei turane!

Perioden frå 1973 og fram til i dag

Borghild Lothe var gift med Odd Lothe, som var sokneprest i Davik frå 1947 og fram til han døydde i 1970. Då Odd døydde, flytte familien til Hestenesøyra og tok over Lothe-eigedommen, den gamle handelsstaden i bygda, og Borghild engasjerte seg raskt i søndagsskularbeidet og tok på seg leiaransvaret då Marte slutta. I notatboka etter Borghild er Rasmus Devik oppført som formann, men i praksis var det Borghild som stod for organisering og drift. Rasmus var i periodar vekke, som forkynnar i Det Norske Misjonselskap. Men når han var heime, var det han som fortalde til borna og «tok teksten», som det heiter på søndagsskulespråket.

Olaug Eikenes vart etter kvart med som medarbeidar saman med Borghild, og då sistnemnde trekte seg ut i 1983, tok Olaug over leiaransvaret, og samlingane blei lagde til heimen hennar, i Jo-Øyra. I perioden frå -83 til 2001 var Oddbjørg Lee, Berit Devik,



Borghild Lothe



Marthe Havnen

Jorunn Eikenes og Berit Kjøberg vekslande innom som medhjelparar.

Berit Kjøberg tok over leiaransvaret i 2001 og dreiv søndagsskulen ein periode. Berit budde, og bur, på Skeistranda. Det kunne nok vere stritt for Jon Skjerdal å krysse Hyefjorden i allslags ver, men Berit måtte gjennomføre ei mykje lengre reise i liten båt når ho skulle til Øyra og ha søndagsskulesamlingane. Barnetalet i grenda gjekk ned, frammøtet vart lite, og våren 2005 vart drifta innstilt.

Men etter kvart tok barnetalet i bygda seg opp att, og våren 2008 vart det igjen søndagsskulesamlingar, no i nedlagde Nesjane skule, med Olaug og Arne Eikenes som leiarar.

Olaug og Arne fører søndagsskulen på Hestenesøyra vidare

TEKST ODDVAR ALMENNING

Søndagsskulen på Hestenesøyra er mellom dei eldste i Nordfjord, med start i 1898. Det var ein pause frå 2005 til 2008, men då tok Olaug Eikenes opp att arbeidet. Olaug har vore med i søndagsskulen på Hestenesøyra i over tretti år, og saman med sin Arne driv ho framleis dette arbeidet. Dei går med det inn i ei rekkje av leiarar med lange utsyn både i tid og tru. Dei fortel her om korleis dei tenkjer og arbeider og om kvifor dei stadig driv på.

Frammøtet på samlingane varierer. Olaug kan likevel vise til at det dette året er registrert 19 born i listene deira. Og i tillegg møter det opp ein del foreldre. Det er berre ein fordel, meiner begge to. Det er sjølvsagt litt meir spennande å «ha teksten» når det er vaksne folk som høyrer på, men søndagsskule-læraren slepp å vere «ordensvakt». Men før vi seier meir om dagens drift, fortel Olaug om den første perioden ho var med.

Borghild Lothe og Rasmus Devik

Då Olaug og Arne kom til Hestenesøyra som lærarar i 1973, var det Borghild og Rasmus som dreiv søndagsskulen. Dei heldt då til i skulehuset. Olaug minnst at ei av samlingane føregjekk i Devika hos Rasmus. På denne tida var Rasmus ofte



Johannes kom på besøk og hadde mykje spennande og dramatisk å fortelje. Søndagsskuleforbundet inspirerer til varierte måtar å presentere trua på, og er ein ypparleg arbeidsreiskap, fortel Arne Eikenes.

borte på talarferd, og då var det Olaug som vikarierte. Borghild Lothe flytte søndagsskulen heim til seg, og der var samlingane annankvar søndag frå september til mai kvart år heilt til Borghild gav seg i 1983. I denne perioden var Olaug fast medarbeidar.

Søndagsskule i heimen

Etter at Olaug tok over hovudansvaret, hadde ho samlingane i heimen. Det var godt frammøte også i den tida. I praksis var aldersgrensa fire år, og store søsken tok ansvar for mindre søsken. Det var ikkje så vanleg at foreldra var med då. Framleis var det søndag føre middag som var tida, og dei hadde samling annankvar søndag.

Dei fleste åra hadde Olaug med seg ein medhjelpar. Nokre år var det Berit Devik som assisterte, eitt år var Oddbjørg Lee medhjelpar, og etter nokre år med eineansvar, fekk Olaug med dotter Jorunn. Det var i den tid ho gjekk på Firda. I denne perioden blei også Berit Kjøberg med som leiar. Olaug fortel om støtte og inspirasjon frå organisasjonen. Jorunn Verlo og Jostein Bildøy er nemnde. Dessutan vart det valt eit fellelsråd for søndagsskulane i Gloppen, og det vart halde inspirasjonssamlingar for leiarane. Det var slutt på å halde juletreffest før

Olaug blei med. Men dei var på fleire turar, både til Skeistrand, i Skjerdalen og til Osmundnes. – Då brukte vi heile søndagen, fortel Olaug. –Og då var det gjerne foreldre med på turen. Olaug blei sjuk og måtte seie frå seg ansvaret i 2001, og Berit Kjoberg tok over. Det var ei tid med minkande barnetal og sviktande framferte (sjå Arne Eikenes sin historikk), og søndagsskulen vart ikkje driven i åra mellom 2005 og 2008.

Ny start i 2008

-Korleis gjekk det til at de tok opp att arbeidet? Arne fortel at særleg Olaug «andøgde» på at søndagsskulen var nedlagd. –Ho ville gjerne ha meg med, og så starta vi opp att då, med samling på laurdag ettermiddag i staden for søndag føre middag, og med samling kvar tredje laurdag. No brukar vi skulehuset. Nesjane skule var nedlagd då vi starta opp, og vi høyrer at nokre av borna kallar huset for «Søndagsskulen» og skuleplassen for «Søndagsskuleplassen». Triveleg! Og vi kan ikkje seie anna enn at det var stas då vi på årsmøtet i Nesjane krins i 2008 fekk blomster fordi vi hadde starta opp att søndagsskulen. Frammøtet er godt, men vi har ikkje brukt å dele flokken ved tekstgjennomgåinga, seier Arne.

Olaug fortel korleis ei samling er lagt opp. Først syng vi ein fast opningssong, den same kvar gong i ein periode. Så er det ei enkel, fast bøn, ei såkalla ekko-bøn, der eg seier føre og borna tek opp att. Deretter er det lystening knytt til truvedkjenninga. Akkurat no gjer vi det ved å syngje «Fader, du har skapt meg», med tenning av eitt lys for Skaparen, eitt for Jesus og eitt for Anden. Så opnar vi skattkista. Det er ei kiste, og born får kome fram og ta ut ting som skal ha noko med dagens tekst å gjere. Mange prøver å finne ut kva forteljing dei no skal få høyre. –Sist var det ein liten kar som var svært ivrig og heilt sikker på kva som skulle kome, skyt Arne inn. –Og det var heilt feil! Han fekk høyre noko han ikkje hadde høyrte før! Så kjem sjølve tekstgjennomgåinga, som kan skje på fleire vis. Vi brukar eit opplegg som heiter «Sprell levande». Det er opplegg med bilde og kommentarar som ligg på nettet. Vi har kjøpt prosjektør og viser fine illustrasjonar, eller vi gjer det på gamlemåten med

flanellograf. Av og til kan dramatisering vere ein god formidlingsmåte. Det er i det heile opplagt til god variasjon, så om strukturen på samlinga er nokså fast, er det ofte noko nytt å oppleve for borna. Som avslutning syng vi Velsigninga. Då er første halvtimen gått, og vi går over på aktivitetar som kan vare like lenge. Då brukar vi gjerne det andre romet. Borna kan gjere oppgåver i søndagsskulebladet, «Barnas», leike, teikne eller lage ting, og alle får noko å «bite i».

med dette no når de kunne vere fri til å disponere tida til eigne ting? –Det er viktig at born får lære om trua! Som kristne må vi gjere vårt for at dei døypte blir følgde opp. Det at vi har barneborn i søndagsskulealder, er og eit poeng, sjølv om det kan kjennast litt egoistisk! Vi trur på, og kjenner på velsigning gjennom arbeidet, og det er særst kjekt når foreldre takkar og set pris på det vi gjer. Men når nokon står klar til å overta, er vi klar til å slutte!

-Kva er det som motiverer til å stå på



Slik ser det ut når Arne og Olaug førebur seg til å «ha teksten» på søndagsskulen. Olaug finn rett figur til rett forteljing, og Arne øver på å plassere rett på riktig bakgrunn, og i den rekkefølge som teksten tilseier. Betty Luken-materiellet er ikkje utdatert. På andre samlingar kan det vere illustrasjonar frå «Sprell levande» som blir lasta ned og viste på skjerm. Foto: oa



Ove Lidvar Eide fekk uttelt Kongens fortенestemedalje av ordførar Anders Ryssdal på eit arrangement i Frislidlada på Nordfjord folkemuseum 13. august 2015. Foto: Inger A. Lothe, Firda Tidend

Han fekk Kongens stempel

Ein samtale med Ove Eide

TEKST: ASBJØRG APALSET

I august vart det kjent at Ove Eide hadde fått Kongens fortенestemedalje for sitt kulturelle arbeid over lang tid. Lesarane av Kyrkjebladet kjenner han som redaktør av jubileumsboka som var utgjeven i høve 850-årsjubileet for kyrkjestaden på Vereide. For å få litt bakgrunnsopplysningar om han gjekk vi til eit oppslagsverk. I Store norske leksikon, nettutgåva, står fylgjande:

Ove Eide (f. 1950), cand. philol. (nordisk hovedfag), lektor og utviklingsleder ved Firda vidaregåande skule, Sandane. Aktiv i læreplanarbeid (norskfaget). Redaktør av Jakob Sande-årboka 1994-2006. Han har skrevet og redigert vel 20 bøker om lokalhistorie og

litteratur. Bokanmelder og kulturarbeider med tillitsverv i en lang rekke organisasjoner, både lokalt og nasjonalt.

Vi må korrigere leksikonet litt: Han har vore lektor og utviklingsleiar, men er no pensjonist. Han har skrivne og redigert vel 30 bøker! Kyrkjebladet ynskte å få nærare kjennskap til Ove. Han stilte villig opp til det eg vil kalle ein samtale om mannen og (noko av) hans arbeid.

Oppvekst og ungdom

Eg er fødd og oppvaksen på Røssbruket på Eide, som den yngste av seks sysken. Det var stort alderssprang opp til dei eldre syskena,

noko som gjorde at dei ikkje reknar meg som vaksen enno.

Vi veit at Firda vidaregåande skule har hatt mykje å seie for Ove. I eit jubileumshefte for skulen står Ove Lidvar Eide oppført som avgangselev på reallina i 1969. Det står òg at Eli Marie Solheim frå Loen tok eksamen på engelsklina same året. Ove tok med seg både lærdom og koneemne frå Firda!

Vidare utdanning tok han i Bergen. Hovudoppgåva i nordisk skreiv han om forfattaren Lars Rustbøle. Det er ein forfattar som dei eldste av Kyrkjebladet sine lesarar kanskje kjenner til.

Yrkeslivet

Som nyutdanna lektor fekk eg stilling ved Årdal vidaregåande skule. Det var ein "ung" skule, han hadde først vore ei grein under Sogndal gymnas. Eg har gode minne frå den tida, med hjelpsame kollegaer, eit tett miljø og gode elevar som gav læraren nyttig lærdom.

Så vart det flytting att, du fekk stilling i Dale. Kva fekk det å seie for deg? *Der vart eg nærare kjent med Jakob Sande si dikting, særleg var Oddleiv Fagerheim sentral i arbeidet med forfattarskapen til Sande. Det var ei stor oppgåve han gav meg då han bad meg ta over dette arbeidet som var så viktig for han.*

Ove tok oppgåva og var styremedlem og redaktør i årboka, begge delar i 12 år. Så kom BOKA. I 2006 gav Ove ut «Jakob Sande. Liv. Dikting». Boka vart svært godt motteken, men ein del likte ikkje kritikken av dei som «tralla ihel» diktinga hans. Den vare, han som lyfta opp dei veike, har vore utelaten i lærebøker, litteraturhistorier og på scenen. Det vart debatt i fleire kanalar om den saka. Boka var under utarbeiding i 12 år, ikkje noko overflatisk arbeid!

Jakob Sande var elev ved Firda gymnas i 1926. Som takk for seg skreiv Sande eit heller beiskt dikt til lærarane der. Eg tek med eitt vers:

*Og vil eg ikkje gaa
So spring dei bak og jagar på:
Og jammen lyt eg til
Kor lite so eg vil.*

Eg spør Ove om han kjenner att noko av dette frå elev- og lærartida ved Firda. Med glimt i auget seier han at tidene vel ikkje har endra seg så mykje på dette området!

I Norsk salmebok står det i dag tre salmar av Jakob Sande, ein julesalme, ein påskesalme og "Åndeleg sjømannssong". Det var stor spennvidde i diktinga hans.

Ein annan forfattar som Ove har arbeidd mykje med, er Jan Magnus Bruheim. Som gutunge fekk Ove ei bok frå ein onkel i Bergen. Det var «Hornsmeden og andre barnerim», forfattaren var Bruheim. Då det i 2014 skulle vere 100-årsjubileum for Bruheim, vart Ove spurdt om å vere redaktør for dikt i utval, noko han takka ja til. Det var berre å ta fatt på over 40 (!) bøker, lese, tenkje, gjere utval. Sigrid Moldestad sin CD med dikt frå dette utvalet har òg vore med på å opne vegen inn til fleire av Bruheim sine dikt. Ove har gjennom mange år særleg interessert seg for lokallitteratur. Det er ikkje

få bøker han har blåse støvet av, og mange er dei meir eller mindre kjende forfattarane han har lyfta fram. Ein av dei meir kjende er Elling Vanberg. Han møtte tvert nei frå eit forlag då han ynskte å gje ut nokre av dikta sine. Etter at Vanberg gjekk bort, vart tre bøker med tekstar av han gjevne ut, redigerte og med etterord av Ove Eide. Vi er takksame for at Ellivan, som er diktarnamnet, si dikting kom ålmenta til gode.

Jubileumsboka:

Då Vereide kyrkje feira 850-årsjubileum i 2013, skulle det gjevast ut ei jubileumsbok. Ove vart spurdt om å "ta grep" og takka ja til å verte redaktør for denne.

Kva var di oppgåve i dette arbeidet? *Eg fekk i oppgåve å sjå på det som var skrive tidlegare og lage eit samla oversyn over historia frå reformasjonen til i dag. Det var mellom anna ein del artiklar som var skrivne til tidlegare jubileum som var kjelder for arbeidet. Boka er eit stort dugnadsarbeid. Det var ikkje pengar til ny forskning. Når tittelen vart «Vereide kyrkje. Kyrkjestad og kyrkjelyd gjennom 800 år», har det samanheng med at ein framleis manglar svar på ein del spørsmål om kyrkja sin alder. Men vi veit at der Vereidskyrkja står i dag, har det vore kyrkjestad frå svært gammalt av. Ove rosar medredaksjonen for godt samarbeid og innsatsvilje. Lista med 33 kjeldetilvisingar fortel ein del om Ove sin grundige måte å arbeide på.*



Då ordføraren målbatt språkmeisteren:

13. august var det duka til fest i Frislidlada på muséet. Ove Eide skulle takkast, ikkje fordi han skulle slutte ved Firda vgs, men for det arbeidet han hadde gjort gjennom mange år ved skulen. Turid Korterud ynskte velkommen. Så dukka mannen hennar, Anders Ryssdal, opp i pendress og med ordførarkjede. Ove visste ingen ting før han vart overrekket fortjenestemedaljen: *Eg greidde ikkje seie noko då, men fekk sagt noko på slutten av samlinga.* Han som er vand til å ha god styring på det han er med på, vart heilt slegen ut: Det er godt å få anerkjenning frå

samfunnet kring meg. 26. november er han invitert til ei mottaking på Slottet. (Samtalen med Ove vart gjort før han skulle dit. Kanskje han der møter to tidlegare glopparar, Johanna og Gunnar Nygjerd? Dei fekk utmerkinga litt seinare i august.)

Prosjekt pensjonist:

Eli og eg er no inne i ein ny fase av livet som pensjonistar. Vi har noko vi kallar "Prosjekt pensjonist", der vi bur oss på dette. Vi får betre tid, vert frie til å reise t.d. Det vert meir tid til å vere saman med born og barneborn. Vi kan styre tida og oppgåvene meir sjølve. I samtalen kom det fram at Ove framleis har rikeleg å gjere, vi reknar med at det framleis vil kome mykje godt arbeid, både munnleg og skriftleg, frå han.

Eg spør Ove om han kan dele nokre minne frå oppveksten.

Misjonsforeining: *"Kroppen ber med seg minne", vert det sagt. Mor var med i misjonsforeining. Foreininga heitte Eide og Evebø misjonsforeining, trur eg. Eg sat som observatør på kjøkenet. Lydintrykk, kjensla av fellesskap er noko som sit att. Salmesong og andakt lyfta stunda ut or kvardagen for desse bondekonene.*

Søndagsskule i bedehuset: *Kva dei preika om, hugsar eg ikkje, men den omsorga dei viste oss, hugsar eg enno. Ove nemner spesielt Dagfinn Aasen og Melvin Vattøy (sjå bilete i Kyrkjebladet nr. 4, s. 21).*

Juleminne: *Er det noko frå julehøgtida du vil gje vidare til Kyrkjebladet sine lesarar? Eg var aldri med på å pynte juletreet då eg var smågut. Det vart gjort etter eg hadde lagt meg veslejulaftan. Så gjekk foreldra til verket. Julaftan morgon fekk eg kome inn i stova, der det var eit pynta tre med brennande lys. Det var ei høgtidsstund. Ordet lysfontene var i bruk for nokre år sidan, det kan med rette brukast om det synet som møtte meg!*

Klokka fem var det å gå ut på tunet for å høyre kyrkjeklokkene ringe jula inn. Det var vel klokkene frå gravplassen i Bukta som nådde inn til Eide. Då var det julehelg!

Som alltid var det godt å samtale med Ove. Den mannen ber med seg mykje visdom og kunnskap, og han kan formidle det på ein så god måte. Kyrkjebladet sin utsende ynskjer Eli, Ove og familien ei signa julehelg, og gode nye år med arbeidslyst, krefter og sjølvvalde oppgåver.



Potosí, frå restauranten i tårnet, sølvfjellet

Misjonæren Malvin Ommedal

TEKST: ASLAUG HEIMSET LARSEN

Misjonær i Bolivia, hyaren Malvin Ommedal gjev gamle og ferske glimt frå si allsidige misjonsteneste i Sør-Amerika i intervju med Aslaug Heimset Larsen. Bilete med treffande tekstar illustrerer livet på misjonsmarka gjennom dei 17 åra han var ute.

Når Malvin Ommedal var heimom, reiste han ofte rundt i bygdene i Nordfjord og hadde møtedagar og skuletimar og deltok på basarar til inntekt for Norsk Luthersk Misjonssamband. Han har alltid hatt eit ynskje om å bli misjonær, med spesielt kall for Sør-Amerika etter forteljningane på skulen om koloniseringa og om kor dårleg indianarane vart behandla av spanjolane.

Kvifor blei du misjonær? -Tanken har lege i meg heilt frå barnsbein av, men eg snakka ikkje med andre om det før eg i studietida tok kontakt med misjonen sentralt (NLM). Utgangspunktet var det eg heller vil kalle eit slags sosialt kall. Mor nemnde rett som det var at vi skulle vere takknemlege fordi vi kunne ete oss mette. Dette vart liggande i meg. Bilete og informasjon om andre som ikkje hadde det så greitt, gjorde inntrykk

og skapte ein trong etter å vere ein reiskap. Basarar, møte osv. hadde også effekt, og etter kvart kom også erkjenninga om at andre ikkje berre trong materiell hjelp, men også trong å høyre om Jesus. På gymnaset las eg også boka Paradiset og tårene av Yngvar Ustvedt. Det er inga kristeleg bok, men ho gav eit sterkt inntrykk og vinkla kallet mot Sør-Amerika. I boka blir det fokusert på kva urbefolkninga (indianarane) leid

og gjennomgjekk under og etter erobringa som spanjolane stod for, som resultat av at Columbus oppdaga Amerika i 1492. For meg har det aldri vore anna fokus enn at eg skulle verte misjonær.

Korleis kunne du best førebu deg på

tenesta? Etter landbrukshøgskulen vart det 1-årig misjonsskule på Fjellhaug, som NLM eig, der eg treffe Sissel. Av ulike grunnar hamna Sissel og eg som ektepar i Misjonsalliansen, utsendt til Bolivia. Den storslåtte misjonærinnviinga i Hyen helga etter at vi hadde gifta oss, går ikkje i gløymeboka. Det vart flagga, og både kyrkje og idrettshus var fylt opp av sambygdingar og andre.

Kan du fortelje nokre hovudtrekk frå livet ditt i Sør-Amerika?

Vi var i Bolivia 6 år som utsendingar for Misjonsalliansen, før vi kom tilbake til Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). I sommar avslutta eg 17 års samla misjonærteneste. Som familie har vi vore saman om det meste. To av borna er fødte i Bolivia, og alle tre har hatt ein oppvekst der. Så reiste Sissel og eg ut åleine ein periode, men dei siste 3 åra har vi hatt ein unntakstilstand. Eg har vore i Bolivia og Sissel i Noreg, men med nokre møtepunkt for familien, kona fyrst og fremst. Arbeidet har for det meste vore vinkla mot sosialt/diakonalt prosjektarbeid, men i siste periode har det vorte mest innan kyrkjebyggjande arbeid. I tillegg til preiking, bibelstudium osv., har eg bl.a. reist rundt i distrikta og hatt antikorruptjonskurs. Ei tid hadde eg også leiar kurs i tillegg til å undervise på bibelskule og elles.

Var det farleg å leve i Sør-Amerika?

I eit kvart samfunn må ein lære seg å leve. Kriminalitet er det nok av i Bolivia, og 18. desember 2013 var det innbrot i huset der eg budde i Potosi. Datamaskin og datafiler forsvann. Min ærverdige 39-årige fiolin, som eg kjøpte og lærte å spele på i Hyen som 16-åring, forsvann, og ein del andre verdigjenstandar. Innbrotet skjedde på lyse føremiddagen. I år har eg også hatt ein vasslekkasje i huset, men elles går livet som normalt (eller kanskje mot normalt). Språk er ein stor fordel å kunne godt. Og kan ein lære seg eit av indianarspråka i tillegg er det ein fordel. For tida er eg den einaste permanente misjonæren som kan quechua slik nokolunde i tillegg til spansk.

Kva har gjort sterkast inntrykk på deg?

Byen Potosi er bygd opp rundt det kjende sølvfjellet, der mineral har vorte vunne ut i mange hundreår og gjeve store inntekter for den spanske trona. Men sølvfjellet er sjølv symbolet på mennesket sin attrå etter



Fakta om Bolivia

Bolivia er 1 098 580 kvadratkilometer stort. Sucre er den konstitusjonelle hovudstaden der domstolane har sete. Men det er i La Paz både regjering og nasjonalforsamling har hovudsete. Folketalet er 10 millionar, der 2/3 er urbefolkning (indianarar). Resten er mestisar (blanding av kvite og urbefolkning) og kvite. Før spanjolane kom til Sør-Amerika var Bolivia ein del av Inkariket. Etter erobringa vart indianarane tvinga til å leve under slaveri. Det blir snakka spansk stort sett over heile landet. 76 % er formelt romersk-katolske, 16 % protestantiske. Resten høyrer til forskjellige naturreligionar.

Republikken Bolivia har no, etter ein lang periode av statskupp og diktatoriske presidentar, hatt meir stabilt demokrati.

Dagens president, Evo Morales, er den fyrste presidenten som høyrer til urbefolkninga (indianarane). Bolivia grensar til Argentina, Brasil, Chile, Paraguay og Peru. Andesfjella ligg i den vestlege delen. Den internasjonale flyplassen på El Alto ligg 4000 m.o.h. og er den høgastliggjande internasjonale flyplassen i verda. Innsjøen Titicaca ligg på 3812 m.o.h. I aust finn vi lågland med regnskog og savannar.

Bolivia har mykje mineral, som bl.a. tinn. Sølvfjellet i Potosi er verdskjent. I tillegg til landbruk har Bolivia også store olje- og gassførekomstar. Eksporten av illegal kokain har vore omfattande, men kampen mot kokain har gjeve resultat. Trass diverse naturrikdomar er Bolivia det fattigaste landet i Sør-Amerika. Men landet er i positiv utvikling.



Ungdomar, grilling, karneval

rikdom, koste kva det koste vil. 8 millionar av urbefolkninga (indianarar) døydde i kolonitida pga. denne gruveverksemda, og afrikanske slavar måtte importerast. I Potosi har vi i den eldste kyrkjelyden i dag nokre svært unge og pliktoppfyllande ungdommar som på frivillig basis gjer ein stor innsats både i kyrkjelyden og i ungdomsarbeidet. Søndagsskularbeid, ungdomsarbeid (bl.a. bibelundervisning) og KRIK-liknande aktiviteter med sport og andakt er viktige, i tillegg til leirar og utflukter. Når det er dei store fyllefestane i høve karneval og feiring av ein eller annan helgen eller avgud, er det stort press på kristne og ikkje minst på ungdommen. Då reiser vi misjonærane ofte saman med ungdomsleiarar, ungdommar og til tider heile familiar eit stykke ut på landsbygda på



Cochabamba, Jesus Maestro

leir/telting nokre dagar, og har både kristne og andre aktiviteter.

Bibelskular (CLET)

I Bolivia er det i byen Sucre ein bibelskule, bygd opp av NLM, men no tilhøyrande den nasjonale kyrkja ICEL. Nokre av oss underviser enkelte fag på quechua desentralisert i distrikta der dei ynskjer slike kurs.

Kva praktiske prosjekt har du vore med på i tillegg til kyrkjebygging, der du faktisk m.a. blanda sementmasse for hand?

Vi har hatt ein del diakonale/sosiale prosjekt, spesielt på landsbygda. Desse har vore meir innretta mot fysiske naudsyn som trong for drikkevatt, helsearbeid, jordbruksvekstar, husdyrhald (avl og beite), husflid, men også undervisning av analfabetar og internat. Dette arbeidet er no avslutta frå misjonen si side, men overført til kommunar, folk på landsbygda eller den nasjonale kyrkja. For tida driv kyrkja to internat, det siste som ligg i Acasio er eit reint jenteinternat. Internata gjer det mogleg for barn og ungdommar å kome seg vidare frå grunnskule ute i bygdene til ungdomsskule og vidaregåande som ligg i hovudlandsbyar. For å kunne gå på skule, må ein ha ein plass å bu. Internata er i den samanheng ei av løysingane. Dette fører også

til at det er nok elevtal til at styresmaktene kan oppretthalde ungdomsskular og vidaregåande skular ute i små tettstadar på landsbygda. I tillegg vert dei som er på kyrkja sine internat kjende med Jesus. I tillegg til dette har ICEL med bistandsmidlar gjennom NLM bygd opp og drive ein skule i åra 2001-2011 i ein bydel i Cochabamba. Skulen heiter Jesus Maestro (Meisteren Jesus). Av dei 1065 elevane er 65 psykisk og fysisk utviklingshemma. I boliviansk samanheng er det ikkje så vanleg å ha avdeling for utviklingshemma på same skulen som andre går, så på dette området får vi også vise veg. Skulen har i fleire år drive utan direkte økonomisk støtte frå NLM, men det har vore ei utfordring å få alle lærarstillingane frå det offentlege. I dag er dette stort sett løyst, heldigvis. På denne skulen innførte ein også alternative pedagogiske læringsmetodar. Dei to siste åra har ein også inkludert ein familiedel der det blir fokusert på vald i nære relasjonar, som dessverre er eit stort problem. Prosjektet skal etter kvart utvidast til alle distrikta der den nasjonale kyrkja er til stades, og gjennom lokale kyrkjelydar, skular, grannekomitear osv. i byane og seinare på landsbygda, ynskjer ein å nå ut til folket med tema som kan setje fokus på vald og rus både som familieproblem og samfunnsproblem.



Potosi, Villa Canteria, bibelstudium

Til slutt litt historikk frå misjonsmarka

Misjonssambandet sitt misjonsarbeid starta i 1978. I 1997 vart den nasjonale kyrkja ICEL (Den Kristne Evangeliske Lutherske Kyrkja) danna som resultat av misjonsinnsatsen gjennom nesten 20 år. Kyrkja er sjølvstendig, men mesteparten av økonomien kjem framleis frå misjonen, og vi få misjonærene er no støttespelarar inn i denne nasjonale kyrkja.

Vi skulle ynskt at kyrkja hadde vakse meir og hatt meir berekraft. Kwart år vert fleire nye kristne, spesielt på landsbygda, men mange av desse, til liks med andre, flytter til byane og vert med i kyrkjelydane der. Men netto kyrkjevekst er svak pga. lekkasje til andre evangeliske kyrkjesamfunn, eller at nokre fell ifrå trua. Ein skulle ynskt å ha fleire pastorar, men når der ikkje er pastorar, viser lokale leiarar ein utruleg innsats og truskap.

Malvin får ikkje bli verande heime lenge med lokalt engasjement for Misjonssambandet, no sist i Bergensområdet. I januar skal han ut på ein ny tremånaders bolk i Bolivia, og seinare i 2016 blir det tre nye månader der. Men den allsidige langpendlaren innordnar seg velvillig etter oppgåvene, og går vidare med krum hals i praktisk hjelpearbeid og forkynnarkallet sitt.



Potosi, julafta åleine 2013



Potosi, karnevalsleir, møte ved bålet



Potosi, på kafe. Malvin, Sissel og Lucinda Mercado



«Det lyser i stille grender» avslutta konserten, og alle framfotte og alle aktørar fekk vere med.

Tradisjonsrik adventskonsert i Gimmestad kyrkje

TEKST OG FOTO: HARALD ASKE

Ganske mange hadde trassa regn og ruskever og funne seg plass i Gimmestad kyrkje fredag før fyrste søndag i advent. Ann Karin W. Ose minte oss på at konserten gjekk inn i ei lang, lang rekkje av adventskonsertar i Gimmestad. Sandane skulekorps heldt slik førjulskonsert åleine på slutten av 1970-talet, men i dei seinare åra har fleire aktørar fått vere med og dermed løfta nivået på konserten.

Tradisjonen tru opna Sandane skulekorps med tre nummer, og det var flott å høyre «Mitt hjerte alltid vanker» i eit arrangement av Ingrid W. Ose. Korpsset hadde fått med seg songsolisten Dorte Førde frå musikklinja på Firda i sitt

tredje nummer, «Jul, jul, strålende jul» - i godt og fint samspel. Ei instrumentalavdeling med stryketrio og cellotrio følgde etter dette, med Ove Hjelmeseth (fiolin), Oddmund Voll (cello), Gunhild Nesgård (cello) og læraren deira, Henrik Silfverhielm, også på cello. Musikken var av Corelli og Mendelssohn, og det var mykje vellyd å høyre.

Sjølvlaga julesong: Sofia Hyttedalen var blitt utfordra til å lage ein julesong, og ho var ikkje snauare enn at ho hadde skrive både tekst og melodi og framførte songen saman med Henrik. Godt gjort, Sofia!

Meir vellyd skulle det bli: Distriktsmusikarane saman med Anders Rinde framførte

songar og musikkstykke av Händel og Bach, og frå koret fekk ein høyre Ann-Margrit Silfverhielm synge «How beautiful are the feet of them» frå «Messias», og «Ave Maria» av Caccini.

Rygg songlag, dirigert av Hanne Grete Heen, framførte fire julesongar på ein framifrå måte: «Kling no klokka», «Carol frå Kvite-russland», «Gammal Mariavise» og «Betlehems stjærna».

Som avslutning fekk alle i kyrkja vere med på «Det lyser i stille grender». Musikarar og songarar stilte opp framme i kyrkja, og det vart ei sterk avslutning på ein triveleg og innhaldsrik konsert.



Cellotrio samansett av Gunhild Nesgård, Oddmund Voll og læraren deira, Henrik Silfverhielm.



Sofia Hyttedalen stilte med eigenkomponert julesong.



Dorte Førde var solist i «Jul, jul, strålande jul».



Ove Hjelmeseth var med i ein stryketrio.

Sandane skulekorps med dirigent Ann Karin W. Ose.



F.v. Anlaug Dale, Grethe Lysen, Venke Kollbotn, Ingrid Gloppestad Hjelle, Audhild Bogstad og Jan Arve Søvde. Ingemar Sårheim ikkje til stades. Foto: Tore Myklebust.

Breim sokneråd 2015–2019

Etter kyrkjevalet i haust har Breim sokneråd fått følgjande medlemmer:

1. Venke Kollbotn
2. Ingemar Sårheim
3. Ingrid Gloppestad Hjelle
4. Jan Arve Søvde
5. Anlaug Dale
6. Audhild Bogstad

1. vara Grethe Lysen
2. vara Olav Egge
3. vara Jan Arve Strand
4. vara Nils Jordanger
5. vara Anders Bjørnereim

Det nye soknerådet i Breim

TEKST: VENKE KOLLBOTN

13. oktober hadde det gamle og det påtroppande soknerådet eit felles møte. Der fekk det nye soknerådet ei god og nyttig orientering av det avtroppande soknerådet om dei ulike oppgåvene som ventar oss. Det gamle soknerådet fekk takk for god innsats før dei forlét møtet. Deretter var det konstituering, og det nye soknerådet er som følgjer:

Leiar: Venke Kollbotn
Nestleiar: Jan Arve Søvde
Sekretær: Anlaug Dale
Kasserar: Grethe Lysen
Trusopplæringsutvalet: Ingrid Gloppestad Hjelle
Vara: Audhild Bogstad
Konfirmantansvarleg: Audhild Bogstad
Diakonikontakt: Jan Arve Søvde
Faste medlemmer i fellesrådet: Ingemar Sårheim og Ingrid Gloppestad Hjelle

For å få vite litt om kva dei nye faste medlemmene i soknerådet tenkjer om rådet sitt arbeid framover, fekk dei eit par spørsmål som dei kunne få svare på etter eige ynskje. Spørsmåla var som følgjande:

1. Som ny medlem av soknerådet, kva har du av forventningar/motivasjon til arbeidet som skal gjerast framover?
2. Soknerådet har ulike oppgåver å gjere for kyrkja. Slik du kjenner kyrkja i dag, kva tenkjer

du er dei viktigaste oppgåvene både for kyrkja lokalt og nasjonalt?

Ingrid Gloppestad Hjelle:

1. Som nytt medlem av soknerådet har eg mykje å lære, og det blir spanande med nye utfordringar! Eg synest det er viktig at også unge engasjerer seg, det er heilt avgjerande om ein ynskjer å ha ei kyrkje å gå til i framtida. Med tanke på yrket mitt, er eg ekstra interessert i å jobbe med barn.
2. Ei av kyrkja sine viktigaste oppgåver er å vere der for absolutt alle. Alle skal føle seg velkomne når dei treng det. Soknerådet må jobbe med å organisere ulike aktivitetar som kan passe for alle og legge til rette for at dei som ynskjer det får delta i arbeid med til dømes gudstenester.

Grethe Lysen:

1. Som nytt soknerådsmedlem håpar eg å vera til nytte i arbeidet for kyrkja. Ho skal vera viktig for alle i lokalsamfunnet, også i framtida.
2. Den norske kyrkja skal vera ei kyrkje for alle, open og inkluderande, varm og imøtekomande og med høg takhøgde. Ho skal stå for positive verdiar i samfunnet. Kyrkja har alltid vore i endring opp gjennom historia, ho har alltid vore i utvikling og har endra seg i møte med utfordringar ho til ei kvar tid har møtt på. Men kyrkja skal også ta vare på og halda på tradisjonar som me kjenner oss igjen i og som gir oss tryggleik. I dette spennet må kyrkja utvikla seg og tenkja nytt for å auka fellesskapskjensla. Kyrkja

skal vera relevant i alle sine liv og det må difor vera mange "rom" i den norske folkekyrkja.

Anlaug Dale:

1. Eg vil at kyrkja skal vere ein god plass å møtast, og eg vil delta i det arbeidet som må til.
2. Eg vil arbeide for at kyrkje skal vere open og inkluderande.

Audhild Bogstad:

1. Eg håpar å kunne vere med og vise folk generelt at kyrkja er meir enn «berre» ei kyrkje.

Venke Kollbotn:

1. Eg håpar at soknerådet ved å arrangere ulike typar gudstenester, ha ulike aktivitetar for alle aldersgrupper gjennom trusopplæring og diakonalt arbeid kan nå heile folket, og på den måten fortsetje å spele ei viktig rolle i lokalsamfunnet.
2. Ei av dei viktigaste oppgåvene framover blir å ivareta kyrkja si rolle som kultur- og tradisjonsberar for det norske samfunnet. Kyrkja vert i dag utfordra både i møte med annleis tenkjande folk når det gjeld kultur og verdiar, men også av at det norske folket generelt kanskje har vorte mindre religiøse. Eg ser det difor som ein positiv faktor at vi har fått innvandrarak frå andre land som ser det som heilt merkeleg og umogleg å ikkje skulle ha ei eller anna form for gudstru og religion.



Gospelkveld i Hyen kyrkje

TEKST: ASLAUG HEIMSET LARSEN

FOTO: ELIAS EIMHJELLEN

Søndagsskulen i Hyen inviterte Sandane Soul Children, Gloppen Vocal Band og Håvard E. Husevåg til gospelkonsert fredag 30. oktober.

Det blei ei stor musikk- og forkynnaroppleving. Stemninga stod heilt i kyrkjetaket, for koret, solistane, dirigenten og musikarane var så engasjerte og dyktige. Sjølv om det var på kveldstid, var kyrkja fylt av born, vaksne og eldre som «dansa» med i dei fengande rytmane. Og hyeungdomane fekk til og med synge saman med det berømte koret i eit par flotte innøvde songar.

Takk og pris til alle som gjorde kvelden så vellukka. Håper kollektbøssene vart godt fylte opp!





Dei tilreisande proffane var frå v. Gjermund Larsen, Eldbjørg Hemsing, Einar Olav Larsen og Ragnhild Hemsing.

Glitrande song og spel i gudsteneste og konsert

TEKST OG FOTO: HARALD ASKE

Under Jeremiasfestivalen si avslutning 15. november vart det gjort opptak til radiogudsteneste frå Vereide kyrkje. Gudstenesta var ei folketonemesse der all musikken var folkemusikk eller bygd på folkemusikk. Også liturgien var skriven ut frå dette, og eit forsterka kyrkjekor hadde ei viktig oppgåve som forsongarar. Jeremiasfestivalen hadde fått med seg Ragnhild og Eldbjørg Hemsing og Einar Olav og Gjermund Larsen, alle på fele/bratsj, Honndalsmusikken og glopparane Synnøve Nordvik, Elisabeth Gimmetad og Malin Alander (song), Hanne Grete Heen (piano) og kantorane våre, Mariël Eikeset Koren og Anders Rinde.

Gudstenesta

Det var lagt ned eit stort arbeid for å få folketonemessa fin og heilskapleg. Anders og Mariël delte på å spele orgel og dirigere, og dei tilreisande musikarane hadde sentrale oppgåver både under salmesongen og litur-

gien. Malin, Synnøve og Elisabeth var gode forsterkingar i koret, men hadde også viktige oppgåver åleine og som trio. Desse tre song halleluja-versa før og etter evangelieteksten på ein framifrå måte. Sokneprest Vidar Bjotveit heldt preike, og postludiet vart spelt av Honndalsmusikken.

Konserten

Etter gudstenesta fekk den fullsette kyrkja med seg ein konsert som markerte avslutninga på Jeremiasfestivalen 2015. Malin Alander song to folketonar med tonefølge av Gjermund Larsen på fiolin. Ein annan songar kommenterte dette slik: «Du skal jammen vere trygg på deg sjølv om du skal greie det der.» Samspelet mellom dei to vart karakterisert som magisk.

Etter Honndalsmusikken si avdeling var det Elisabeth Gimmetad sin tur, akkompagnert av Anders Rinde på orgel. Ho opna med ein folketone frå Straumsnes på Nordmøre:

«Jesus, lad mit hjerte længes» og avslutta med den kjende salmen »Han tek ikkje glansen av livet». Det var imponerende å høyre Elisabeth i denne sterke salmen, noko av det vakraste vi har høyrte henne synge!

Synnøve Nordvik vart akkompagnert på piano av Hanne Grete Heen. Ho opna med ein folketone frå Gloppen etter Ola Ryssdal, «Jeg beder dig Fader i himmerig», og avslutta med «Vitae Lux» av Frode Alnes/Ivar Dyrhaug. Synnøve song vakkert, med god innleving, og Hanne Grete leverte som vanleg solid akkompagnement.

To damer og to herrer (systrene Hemsing og brørne Larsen) avslutta konserten på ein festleg måte. Det var verkeleg fart og driv i spelet deira idet dei framførte «BachØstslått» av Gjermund Larsen. Blomsterdrysset frå arrangørane til alle utøvarane var vel fortent.



Den eine av brørne Larsen, Gjermund, akkompagnerte Malin Alander på ein imponerende måte. Malin gjennomførte programmet stødig og godt.



Synnøve Nordvik hadde funne fram salmar frå Gloppen og Nordmøre.



Elisabeth Gimmestad med vakker tolking av to salmar.



Konfirmantane i Vereide 1945, dobbelt så mange gutar som jenter! Vi tek med namna på alle, og har sett * ved dei som er døde. Framme frå v.: Aagot Aase, Ragnhild Hjelmeset, Hjørdis Solheim, Marit Agnes Vereide, Liv Katrine Aaland, Aagot Synnøve Mardal, Asbjørg Hopland, Bjørg Henden, Ingrid Skrede, Gudrun Bolset, Aslaug Rand, Agnes Hestenes*, Brita Eikenes, Maria Margreta Aarekol. Andre rekkja frå v.: Jakob Gjengedal, Bjarne Hammer*, Eiliv Eikenes, Arne Sandal*, Odd Gloppestad, Oskar Alme, Roald

Ryssdalsnes*, Reidar Djupegot*, Kolbjørn Skrede*, Per Jakob Hestenes, Ingebjørg Ødven, Agnes Skeistrand. Tredje rekkja frå v.: Peder Årevik*, Kristian Søreide*, Tore Hellesnes, Ivar Lotsberg, Kjeld Odmund Rangøy*, Jostein Aske, Dagfinn Holvik, Nicolay Astrup* Harald Åland* og Kåre Tvinnereim*. Bak frå v.: Kåre Holvik, Steinar Holvik*, Kristen Henden, Arve Borud, Eivind Skrivervik*, Karl Andenes*, presten Olav Kvåle*, Einar Lote, Audum Kårstad, Hans Mettenes*, Knut Hamre*, Anders Åsebo

Då Bjørg padla for presten

TEKST: ODDVAR ALMENNING

Bjørg Henden Bergset er frå Indre Henden, fødd i 1931 og konfirmert i Vereide i 1945 av Olav Kvåle. I haust feira ho 70 år for konfirmasjonen saman med andre jubilarantar i Vereide. Ho fortalde på jubileumssamlinga litt av det ho minnest frå den sommaren ho «gjekk for presten», som ein seier. For Bjørg var det ikkje nok å GÅ. Ho måtte over ein fjord både fram og tilbake. På oppfordring har ho skrive det same som ho fortalde, og her er hennar eiga framstilling:



Konfirmant fredsvåren 1945

«Eg skulle gå for presten denne sommaren. Eg var den einaste konfirmanten frå Hennebygda. Frå grannebygda Hopland og Randabygda var det sju, som også skulle gå for presten i Vereide. Dette var siste året med denne ordninga. Seinare gjekk hoplendingar og randabygdarar til konfirmasjon i Utvik. Dei rodde med ein stor båt, rett over fjorden frå Hopland og utmed land på den andre sida

av fjorden til Ryssfjæra. Det vart ein omveg for dei om dei skulle hente meg. Eg kunne no ro, men ein farbror hadde laga ein lett, fin kajakk. Den fekk eg låne, og den brukte eg heile sommaren. Det gjekk utruleg bra heile tida, med lite vind og bårer, berre litt solgangsbris når eg skulle heimover. Vi var ein god gjeng som gjekk frå Ryssfjæra, opp til Føleide, ned Eidsdalen til Vereide. Vi brukte nok ein god time ned til kyrkja.

Seinare på dagen var det same turen tilbake, sjølvsagt. Vi vart lite kjende med dei frå Sandane og rundt Gloppefjorden. Alle fór kvar sin veg heim, og våre vegar var så forskjellige. Lesarkameratane mine frå Hopland og Randabygda er alle døde no. Det var: Ingrid Skrede, Asbjørg Pauline Hopland, Bjarne Johan Hammer, Kolbjørn Bjarne Skrede, Harald Lars Aaland og Kåre Bård Tvinnereim. Prost Kvåle ville at vi jentene skulle ha bunad konfirmasjonsdagen. Det var frigjeringsåret. Tyskarane måtte ut av landet. Det var ikkje enkelt å skaffe seg bunad rett etter krigen. Eg fekk låne av eit

syskenbarn, og eg trur dei fleste greidde å skaffe seg noko. Det vart ikkje teke bilde av oss konfirmasjonsdagen. Vi blei konfirmerte 7. oktober». Farbroren som hadde laga kajakken, heitte Jon Dagfinn og var fødd i 1917. På fotografiet er det han som sit i kajakken. Han var interessert i idrett og har vore aktiv som leiar, og han var flink å teikne og måle. Han gjekk Holmøy arbeidsskule, der han tok målarfag. Dette er henta frå ei helsing som Bjørg og søstera Signy skreiv då Jon fylte 90 år.



Bjørg gifte seg med Vigleik Bergset i 1959 og flytte til Vangen, som var nybroten gard generasjonen før. Ho er no enkje, men aktivt med i bygdelivet i frivillige sosiale og kristne arbeidslag.



Vi har kikket i Kyrkjebladet sitt arkiv og funnet fram julenummeret for 20 år sidan. I den utgåva merka vi oss ei andakt av Inger Johanne Grini. Den høver like godt i dag som i 1995.

Jul i ly av Guds vinger!

TEKST: INGER JOHANNE GRINI

*Herre, hvor dyrebar din miskunn er!
I skyggen av dine vinger, Gud,
søker menneskeborna ly.
De får spise seg mette
av det beste i ditt hus,
du lar dem drikke
av din gledes bekk.
For hos deg er livets kilde,
i ditt lys ser vi lys.
(Salme 36, 8-10)*

Det er snart jul! Vi venter på at Gud skal kle seg i et menneske – komme til jorden og komme oss nær. Livets gave og livets mysterium – båret av et barn. Han vokste til og ble et oppreist menneske, slik vi alle ønsker å bli det. Han minner oss om kjernen i livet, det genuine liv, etter all sin gudviljede hensikt. Et liv som en generøst får, for å erobre det. Livet som søker ly under Guds vinger. Det er der vi blir sunt mette av den livgivende føde, av det gode – av det beste.

Det er der gleden gjennomstrømmer. Det er der det er lys, som lyser også i mørket. Det er der den utømmelige livskilden er, som har livskraft i seg til å fornye og gjenreise våre liv i enhver forfatning. Julens vakreste er kanskje de øyeblikkene vi får kjenne at vi får være i ly av Guds vinger, med all julekos, alle gaver og all godhet vi har for hverandre.



Klippet er henta frå Jacob Breda Bull si bok "Hans Nielsen Hauge" (1908).

Hans Nielsen Hauge (1771 -1824) sat fengsla i Kristiania i tida 1804 -1811. Kvifor? Han hadde forkynt Guds ord utan at det var prest til stades. Det var brot på konventikkelplakaten (sjå "Klipp—" i Kyrkjeblad for Gloppen nr. 4/2013). To av venene hans hadde gått til fots frå Bergen til Kristiania for å tale med han, men fekk ikkje lov til det.

Hans Nielsen Hauge satt bøydd, med hodet i begge hendene, på den harde tresenga i cella. Maten var urørt. Lyset brant med lang svartnende tanne.

Han satt bøydd og i kamp. I kveld, Frelsens kveld, barmhjertighetens store fest på jorden, kjente han forlatthetens store smerte og ensomhetens forferdelse sterkere enn noen annan dag i heile det lange året.

Var det Guds meining at han skulle sitte her utestengt fra lyset og livet heile resten av levetida?

"Jeg er lyset og livet," gav det svar djupt der inne. "Ja, ja," hviska han. "Din vilje skjel!" Men atter dukka de fristende tankene fram av det svarte.

Han så ansikta til de to vennene. De hadde gått den lange vegen over fjella for å tale med han; men fengslets dør var stengt. Alle de tusener som trengte å tale med han, var stengt ute.

Da - med ett skalv det inn i hans trøtte sanser et fjernt dirr av toner. Det var jula som ble ringt inn over den store stad.

Hans Nielsen Hauge sank ned på sine kne med folda hender. Gud hadde gitt han svar. Julekveldens frelsende budskap hadde kommet til han i hans ensomhet.

Litt etter klang salmen "Jesus, din søte forening å smake" rikt bevende fra den trangete celle i rådstuarresten. Fanger i de andre cellene løfta hodet og lydde undrende. Vakta stansa sine skritt på gangene.

Men utafor i vinterkulden stod to tause menn. De så opp mot Hans Nielsen Huges celle gjennom mørket. Og de hørte den stemmen som de ville ha kjent mellom tusen, den stemmen som for dem hadde åpna syn og sans for det gode på jorda.

De stod og lydde til sangen; de stod og holdt hverandre i hand, som to barn på vandring i det fremmede.

Da Hauge trøsta og styrkt atter satte seg,

reiste han seg plutselig, undrende.

Der ute under hans celle steig salmesang. Det var to som sang. Salmen for de nødlidende, de forlattes angstrop til Gud om frelse.

Hans Nielsen Hauge blei grepet av så stort et vemod. Det var vennene hans, de som han hadde trudd å kjenne i rådstugangen. De to som hadde vandra den lange vegen over fjellet fra Bergen for å få tale med han.

Nå tidde sangen der ute; de to mennene sto sørgmodige og nedbøydd; de stirte opp mot det halvmørke gittervinduet høgt oppe på den grå muren.

Med ett, som de stod, steig det en lysning der oppe. "Sjål!" sa den ene av de to menn og greip den andre om armen.

Den vesle lysningen vokste; et ensomt lys med sorgfull svartnende tanne blei løfta høgt og kasta et varmt, blodrødt lys ut i mørket. "Sjål!" sa den andre av de to mennene - og brast i gråt. Det var Hans Nielsen Hauge som forkynte lysets seier over mørket og fengselsensomheten.

Lyset der oppe sank og forsvant.

Som de stod der tause, kom igjen den lille lysningen der oppe fra gittervinduet til syne. Og straks etter skein lyset som før der oppe.

Nå sang det der inne fra. "Vår Gud han er så fast en borg," steig det. Det vesle lyset der oppe skein under sangen, holdt av en skjelvende hånd, heilt til siste strofe hadde dødd vekk. Så sank det langsomt og blei borte.

De to menn stod og knuget hverandres hender lenge. Så mumla den ene, den skutrygga: "Ei gledelig jul, Hans Hauge. Gud give deg ei gledelig jul der inne!"

Så gikk de langsomt bort, de to mennene; Samuel Trå føre, og Ole Rørsveen, den skutrygga mannen, baketter. Det var den samme mann som hadde vandra fra Bergen til Trondheim for å treffe Hans Nielsen Hauge, den samme mann som hadde fått skutryggen sin ved å bære Hans Nielsen Huges bøker hundrevis av mil over fjella gjennom avdalene landet rundt.

I jula 1799 sat Hauge i arrest i Trondheim. Her skreiv han ein julesalme på sju vers.

Jeg er hos Gud i Naade

Hva skader Verden mig?

I Norsk salmebok står denne under salmar på Stefanusdagen, nr. 65. Det er der berre fire vers.

Denne salmen kan godt syngast eller lesast med Hauge sitt liv som bakteppe.

Min julemattradisjon

TEKST OG FOTO: ODDLAUG WIIK SCHJØLBERG



Eg vart utfordra til å dele ein julemattradisjon med kyrkjebladlesarane. Sidan eg dagen før hadde laga snekaløfse var det heilt naturleg å velje det.

I barndomsheimen min på Davik var løfse viktig til alle store festar og høgtider. Til jul vart det laga ekstra mange. I kjellaren var det godt tilrettelagt for løfse- og flatbrødbaking. Det er sterke og gode minne om felles arbeid, god lukt, flittige hender og stablar som vaks og vaks. Far min steikte, mor mi bakte og vi ungane jamna emna og dekkja til løfsene etter kvart som dei vart ferdigsteikte. Foreldra mine fortalde om baking i eldhusa rundt om på gardane i deira barndom, som då gjerne varte i fleire dagar. I far min si grend brukte dei å sneke inn kvart sitt «gardsmønster» i løfsene. Eg vart fasinert av denne tradisjonen og har stor glede av å ha gjort delar av den til min eigen.

Enno kan eg drøyme om å bli like flink å jamne løfseemna slik som mor mi gjorde det. Dei snurra i jamn fart mellom fingrane hennar og vart så fine. Eg er ikkje i nærleiken av å greie det, sjølv om ho starta tidleg med å lære meg opp.

Vi var mange rundt bordet heime, og vi elska løfse. Det var derfor heilt vanleg og

naturleg at vi fekk vite når måltidet starta kor mange løfsebetar det var til kvar av oss. Julafta var eit unntak. Då fekk vi ete så mange vi ville. Mamma hadde smurt og smurt ... Eit enkelt grep for også på den måten å setje dagen i eit ekstra lys. Eit herleg minne om at matoppleving forsterkar gode stunder.

Frå 1980 til 2000 var eg husmor på Nordfjord Folkehøgskule. I tillegg til elevdrifta arrangerte vi mange typar festar og jubileum, og kvar sommar hadde vi fleire bryllaup. Til dei fleste slike arrangement hadde folk med seg eigen kaffimat. Du verda kor mykje godt og fint vi fekk servere. Eg la alltid særleg merke til løfsene. Vi mottok alle slags variantar, og det var like spennande kvar gong å sjå kva tradisjon dei ulike feirande hadde. Ei type snekaløfse som for meg merkte seg ut, var dei Marta Kleppe Skår leverte. Og ho baka til mange i den tida. Kanskje var det fordi dei likna mest på dei vi hadde heime at eg likte dei så godt. Dei var akkurat passeleg steikte og hadde ein nydeleg, litt gyllen farge.

I november 1994 hadde Marta løfse- og flatbrødkurs. Då var eg snar å melde meg på. Sidan den gongen har eg kvart år laga hennar snekaløfse. I fleire år var ho også på skulen og lærte elevar denne kunsten.

Nokre av oss kollegaene bakte i lag før jul, og eit par år var Marta med oss. Det var eit privilegium å få bake i lag med ei som var så røynd bakar og i tillegg så lun og koseleg. Her kjem oppskrifta hennar:

Lag graut av:
1 l H-mjolk
250 g smør
knapt 2 dl semulegryn
2 kg potet, malast

Kveitemjøl til passe deig (mellom 1-1,5 kg til halv porsjon). Deigen blautnar, så kna mjøl i halve deigen om gongen. Kjevle deigen 2-3 cm og stikk ut emne med ring av norgesglas. Kjevle ut, bruk godt med mjøl. (Marta bakte ut på ein type voksdruk som er litt flossa på baksida. Eg brukar grov segldruk. Du fyller den med mjøl og løfsene set seg aldri fast.) Steik dei tørre, berre på eine sida.

Snek
1 l skumma mjolk
2 eggekviser, visp godt

Pensle på den sida som ikkje er steikt, det skal bli retta. Steik og snu når sneket er tørka. Steik gylne med litt brune prikkar. Løfsene må kolne heilt før du legg dei i stabel. Då kan dei holde seg i mange månader. Oppbevar dei tørt.

Bløyt dei før smørjing og la dei mjukne under klede. Smør med mjukt meierismør blanda med fint sukker eller melis. Desse løfsene kan og brukast til fiskeløfse. Dei kan då steikast utan sneking. Steik dei då på begge sider med det same. Snekinga gjer dei sterkare, og dei går ikkje så lett sunde når du skal bløyte og smørje dei.

Og så sa Marta: Løfse skal aldri skjerast med kniv! Dei skal klippast med god saks!

God og glad jul – ei høgtid det er verdt å feire med våre beste oppskrifter.





Lag flotte snøkrystallar

TEKST OG FOTO: JOVEIG ALMENNING

Du kan lage snøkrystallar av Nabbi eller «perler». Det beste er å bruke sekskanta eller runde brett. Her er det brukt kvite og lyse perler sidan snøkrystallar er kvite, men alt er lov! Ta utgangspunkt i midten og jobb deg rundt utover brettet. Det er berre å leike seg fram til eit mønster. For at det skal sjå ut som snøkrystallar er poenget å skape hol. Hugs berre at

dess større hol, dess skjørare vert den ferdige krystallen. Få hjelp av ein vaksen til å smelte perlene godt saman med eit strykejarn. Hugs bakepapir mellom! Vent til det kjølnar før du varsamt lirkar papiret av. Du kan bruke ein sytråd når du skal henge opp krystallane. Heng dei opp i vindaugget, juletreet, eller kanskje treng ein pottaplante litt pynt?



3



6



4



7



5




8

La deg inspirere av bilete nedanfor - kanskje du kan prøve å lage nokre av desse snøkrystallane?



1





2





Oppgave 1) Slå opp i Bibelen, så får du hjelp til å fylle ut det som manglar i Juleevangeliet her. Lukas 2,1 – 20

¹ I dei dagane lét _____ Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile _____. ² Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshøvding i _____. ³ Då fór alle heim, kvar til sin _____, og skulle skriva seg i manntalet. ⁴ Josef òg fór frå byen _____ i Galilea og opp til Judea, til Davids-byen, som heiter _____, for han hørde til Davids hus og ætt, ⁵ og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då _____. ⁶ Og medan dei var der, kom tida då ho skulle _____, ⁷ og ho fekk son sin, den førstefødde; ho sveipte han og la han i ei _____ for det var ikkje rom åt dei i _____. ⁸ Det var nokre _____ der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. ⁹ Best det var, stod ein engel frå _____ framfor dei og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælende _____. ¹⁰ Men _____ sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor _____ som skal timast alt folket. ¹¹ I dag er det fødd dykk ein _____ i Davids by; han er Kristus, Herren. ¹² Og det skal de ha til _____ : De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» ¹³ Brått var det ein stor _____ saman med engelen; dei lova _____ og kvad: ¹⁴ «Ære vere Gud i det høgste, og _____ på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!» ¹⁵ Då englane hadde fare frå dei og attende til _____, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå det som har _____, og som Herren har kunngjort oss.» ¹⁶ Så skunda dei seg dit og fann _____ og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. ¹⁷ Då dei fekk sjå det, _____ dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. ¹⁸ Alle som hørde på, _____ seg over det gjætarane fortalde. ¹⁹ Men Maria gøymde alt dette i _____ sitt og grunna på det. ²⁰ Og gjætarane vende attende, medan dei lova og _____ Gud for det dei hadde høyrte og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.



Oppgave 2: Løys rebusen over. Kva får du?

Oppgave 3: Teikn Jesusbarnet i krubba.

Oppgave 3: Veit du svaret på spørsmåla nedanfor?

	1	X	2
Keisaren heitte 1) Augustus X) Kvirinius 2) Syria			
Heile verda skulle skrivast inn i 1) fleirtal X) Mandal 3) manntal			
Maria la barnet i ei krubbe fordi 1) det ikkje fanst noko herberge i Betlehem x) dei kom til Betlehem etter stengt tid 2) det var ikkje rom for dei i herberget			
Gjeterane var ute på marka fordi 1) det var for varmt inne X) dei skulle passe på sauene sine 3) dei hadde høyrte at det skulle skje noko spennande			
Dauids by er 1) Jerusalem X) Nasaret 2) Betlehem			

Julekryssord

The crossword puzzle grid contains the following words:

- Across:**
 - 1: STONG
 - 2: GRAD
 - 4: GUD ER MED OSS LAGD AV PLANK
 - 5: PÅ FLY SVAR
 - 6: OPPFINNAR
 - 7: SUMP HANDLAG
 - 8: ADM. SENT. I TRØNDELAG DYR
 - 9: KVARTS ILLUSJONS-SYNET
 - 10: VITSKAP SOMMAR-FUGLAR
 - 11: ROMAN KARAKTER
 - 12: STIRE LEVER
 - 13: TITTEL MINERAL
 - 14: REISKAP TEIKNE-SERIE
 - 15: FLY FISK
 - 16: EGYPTISK GUDDOM GÅ
 - 17: JULENISSE
 - 18: BY I KANSAS
 - 19: NOTE
 - 20: RAD
 - 21: BAKVEND
 - 22: ALARM
 - 23: PLANTE PÅ RAUDLISTA ÅGER
 - 24: NEST SIST
 - 25: GÅ
 - 26: PLANTE PÅ RAUDLISTA ÅGER
 - 27: GÅ
 - 28: RØYST
 - 29: OPPSLAGET BØR
 - 30: LEVER
 - 31: AKTUELL GUTE-NAMN
 - 32: SKUR BLOMAR
 - 33: FRIST
- Down:**
 - 1: Bjarre Almenning
 - 2: FRAM-KOMST-MIDDELA
 - 3: SENTRUM
 - 4: SPØRJEORD PÅBOD LYDEN
 - 5: MANN-NAMN URO
 - 6: ELD-STADEN
 - 7: MEISTER-SKAP
 - 8: UTTALTE KOMMU-NIKASJON
 - 9: ØY I MIDDEL HAVET
 - 10: FORNUFT DEILDA
 - 11: GLEDESROP
 - 12: BLODTYPE
 - 13: NED-BRYTINGS-PRODUKT BY
 - 14: SELSKAP FLYSELSK SPRÅK
 - 15: HOVUD-STAD KISTE
 - 16: KLØNET SELSKAP FORFEDRE
 - 17: KOMMUNE ORG.
 - 18: LEDIG BY I TEXAS
 - 19: EPOKE JENTE-NAMN
 - 20: KROPPSDEL KYRKE-INVENTAR
 - 21: BIB. NAMN ELV
 - 22: FAG-PERSON-ANE
 - 23: KANAL
 - 24: ROMAN KARAKTER
 - 25: DYN KONJ.
 - 26: AM. FØDERAL ETAT
 - 27: VILLE
 - 28: GRESK GUD LABIL
 - 29: BYER RUND
 - 30: HOVUD-STAD
 - 31: BLODTYPE
 - 32: WATT
 - 33: BOKTITTEL
 - 34: LANDSKAP
 - 35: OPPSLAGET BØR
 - 36: LEVER
 - 37: AKTUELL GUTE-NAMN
 - 38: SKUR BLOMAR
 - 39: FRIST
 - 40: FORBODE DRIVSTOFF MATEM. AKTIVITET
 - 41: KANT
 - 42: ARTIST
 - 43: TÅRNET
 - 44: BAKST Over Betlehems-mårka
 - 45: BILPRODU-SENT SYD
 - 46: TONE
 - 47: MUMMI-FIGUR SOMLE
 - 48: LEIGE-SOLDAT HOVUD-STAD
 - 49: VERTS-HUSET
 - 50: ELV I ROGA-LAND
 - 51: ELV
 - 52: JAPANSK BAKVERK
 - 53: ID EST
 - 54: TONE MYNT (FORK.)
 - 55: SERAF MÅL
 - 56: GUTE-NAMN Plass
 - 57: GALLIUM LIKESÆLE
 - 58: FESTA BYGDELAG I SOGN
 - 59: FILLE HØGDE-DRAGET
 - 60: TALE

Du kan kopiere kryssordet før du har løyst det, eller etterpå, så slepp du å rive i bladet. Men rett løysing må du ha, om du skal ha von om premie. Frist for innsending er 10. januar. Send det til KYRKJEBLADET v/ Oddvar Almenning, Vereide, 6823 Sandane. Dersom du skal sende svar på Quiz-en, kan du legge det i den same konvolutten. Det er tre gåvekort til ein verdi av 500,-, 300,- og 200,- kroner som er premiane. Lukke til.



UGIERNING MÅLE- EINING			HØGTID GRUPPE SVAR		HUGTUNG RETNING		MORENE NORSK MÅLAR
AREAL BUSTAD			ELEKTRISK SPENNING	PÅKOSTA	FLYNDRE- FISK	INTERJ. KÅR	ELV
MÅLTID				MANN			HELGEN LIKEVEKT
		VOND		Strontium			
				FJERNSYN	OS ORG.		



	GUTE- NAMN	GUTE- NAMN NAMN (Kortform)						SKIP INSEKT I STALLEN		
		RESPEKT	NORSK BORGAR- SLEKT TAL		VERNA OMRÅDE			HUS STOR BUKT		
	YRKESUT- ØVARANE Forfattar						STØY			
				VØLE	RADD	FOR- STAVING	DELSTAT	BYE TIDL. ITAL. PARTI	PUGGA	Pronomen

HAND I HAND		SIT MANGE DAGLEG BAK	EINAR PASTA		REISAR						
			Formular GUTE- NAMN					ELVÅPEN		KUTT	
	FUGL			SAUS ØY I ELV				FOTBALL- SPELAR			
	FORMID- LINGS- TENESTE					ISRAELSK POLITIKAR			KAMMER- TONEN	EIGE	SKORPE MÅL RAV



Julequiz for store

Når du har funne svar på spørsmåla under, sender du svara til Anders Rinde, Vereide, 6823 Sandane, eller på epost anders.rinde@gmail.com innan 10. januar. Blant riktige svar blir det trekt ut ein vinnar. Premien er enten jubileumboka Vereide kyrkje 850 år eller Norsk salmebok.

Julefeiring

1. Kven har fått æra for å ha innført skikken med juletre i Norge?
2. Kva land kom skikken frå?
3. Ein av festdagane i jula, som oldkyrkja feira lenge før Jesu fødselsdag vart fastsett til 25. desember, heiter epifania på gresk. Kva er det norske namnet?
4. I Gloppen har kyrkja feira denne dagen på ein særskilt måte dei siste 20 åra (ca.). Korleis?
5. Når omtrent reknar vi at skikken med å sende julekort vart allmenn i Norge?
6. Når vart det vanleg å pynte juletreet med norske flagg?
7. Ca. kor mange deltok i gudstenester i Gloppen julaftan 2014?
8. Kva er den liturgiske fargen på 2. juledag?
9. 2. juledag har eit særskilt namn. Kva er det?
10. Kva kallar folk i England 2. juledag?

Julesong og julemusikk

1. Kva er originaltittelen (på originalspråket) på den julesongen som vi kjenner best som «O helga natt»?
2. Kven er det som i særleg grad har gjort songen kjend i Norge?
3. Ein kjend artist har laga ei norsk omsetting av songen. Kva heiter vedkomande?
4. Kor mange songar står det i julekapittelet i Norsk salmebok (2013)?
5. Kva heiter den yngste songen i dette kapittelet?
6. Kven har komponert melodien til den?
7. Kva for eit instrument er det som startar Juleoratoriet av

Johann Sebastian Bach?

8. I kva for ein julesong står setninga: No stig ifrå jordi ein helgasong ny?
9. Far og son har laga ein kjend julesong i lag (far tekst og son melodi). Kva heiter songen?
10. Ein tidlegare norsk domorganist har komponert ein kjend julemottett. Kva heiter han?

Lett blanding

1. Mellomalderdiktet Draumkvedet handlar om ein som drøymde. Han vakna «trettandagen» medan folk var på kyrkjeveg. Kva heiter han?
2. Kva er det som kan tyde på at denne personen eigentleg er Olav den heilage?
3. Kva for ei julekake er dette oppskrift på?
5 eggeplommer
50 g sukker
1 ss konjakk
1/4 rive sitronskal
1/4 ts kardemomme
1/4 ts kanel
1/2 dl fløyte
230 g kveitemjøl
4. Kaka som opphavelg heiter «Kvæfjordkake» er betre kjend under eit anna namn. Kva er det?
5. Nobels fredspris har tre gonger blitt utdelt til representantar for krigførande partar som har slutta fred. Når skjedde det?
6. Kven var det?
7. Kven vann europameisterskapen i handball for kvinner i 2014?
8. Kva år starta søndagsskulen på Hestenesøyra?
9. I gamle dagar vart konfirmantar frå Hopland konfirmerte i Vereide kyrkje. Når vart det slutt på det?
10. Kor mange figurar (menneske, dyr, englar) er oppstilt i julekrybba i Sandane kyrkje?

KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sagrusten

Leikar og tidtrøyte i romjula

Her er litt gammaldags juleknask utan skjerm og internett. Noko av det kan du pusle med eller lure på sjølv, og noko må du gjere i lag med ein eller fleire. Litt pliktkos høyrer romjula til!

Verdas enklaste terningspel

Du treng ein vanleg terning. Det gjeld å få flest muleg poeng utan å få 1. Du trillar terningen og legg i hop etter kvart. Du bestemmer sjølv når du vil stoppe. Stoppar du utan å få 1, beheld du poenga dine. Får du 1 på terningen, går turen til nestemann, og du sjølv står med null. Det høyrest kjedeleg ut, men er nokså spennande, i alle fall om du ligg i leiinga og har nokon å konkurrere med. Det er ikkje grenser for kor mange som kan delta.




Verdas minste kunst

Dette er noko du kan vise til dei som ikkje har lese om det her. Du har eit snøre eller ein tråd rundt tommelen, som på figur 1. Venstre handa gjer ikkje anna enn å halde snora stram. Så gjer du ein rask liten vri medan tilskodaren ser på, og viser fram «kunsten», som på figur 2.



Legg merke til at begge trådane går opp på innsida av den som går på tvers. Så ber du nokon gjere det same. Det kan hende det blir mange forsøk som går feil. Her er måten å gjere det på: Høgre peikefinger rundt utsida av venstre loddrette snor.



Ta snora med deg på fingeren ned framfor den andre snora, vri vidare og rett ut peikefingeren, så vips: Verdas minste kunst!

Her er to måtar å imponere eit juleselskap på.

Tenk på tre tal

Du ber deltakarane tenkje på tre ulike, einsifra tal, altså tre forskjellige tal under 10. Det er greitt å ha blyant eller kalkulator. Så ber du dei gjere slik: Første talet gangar du med 2, og legg til 3. Det du får, gangar du med 5, og legg til det andre talet du tenkte på. Det du no fekk, gangar du med 10, og til slutt legg du til det tredje talet du tenkte på. Sei no kva svar du fekk, så skal eg seie kva for tre tal du tenkte på. Det som er forbløffande, er at det talet han no les opp, ikkje liknar på dei han tenkte på. Seier han eit tal, kan du trekke frå 150 i hovudet, så har du rette tala. Seier han 384, får du 234 når du har trekt frå 150. Då tenkte han på 2 og 3 og 4. «Kunsten» for deg blir å pugge prosedyren (første $x2+3x5$ +andre $x10$ +tredje. Resten, minus 150 held du for deg sjølv).


Avslør alder og fødselsmånad

Du er «synsk» berre du får eitt tal. Du seier: Tenk på nummeret på fødselsmånaden din (januar=1, februar=2 etc.) Gang talet med 2, legg til 5 og gang med 100. Det du har no, deler du på 2. Legg til alderen din. Trekk frå 250.

Hittil har du ikkje høyrte eller sett eit einaste tal. Be om å få vite talet som deltakaren har fått. Seier han 813 er han fødd i månad nummer 8, altså i august, og han er 13 år. Spør du meg, må eg seie 368, så då veit du det!

Fyrstikkleik 1

Her er tolv fyrstikker. Ta bort fem og få ei igjen! (Løysing står på side 54).



Om du klarte den fyrste fyrstikkleiken, kan du jo forsøke deg på den neste. Eit tips her er å tenkje tredimensjonalt.

Fyrstikkleik 2

Kan du lage fire like trekantar med seks fyrstikker? (Løysing står på side 54).

Selskapsleik med klask og klapp

Dette er ein klassikar som passar for alle som kan telje. Alle sit i ein stor ring, og leiaren i «høgsetet» er nummer 1. Så tel ein runden rundt og deler ut nummer på plassane på den måten. Merk at det er plassen som har nummeret.

Så startar leiaren klask og klapp slik: 1: Slå begge hendene flatt ned på låra (samtidig). 2: Klapp eit klapp. 3: Slå høgre hand med knyttneve bakover ved høgre øyre (ikkje kontakt). 4: Venstre hand sameleis. Alle blir med og følgjer farten og takta til leiaren. Når det går bra, startar leiaren leiken.

På 3, i det han slår handa bak, seier han 1 (sitt eige plassnummer) På 4 seier han tydeleg eit av dei andre nummera i ringen. Då skal den som har det nemnde nummeret, gjere det same: følgje takta med klask og klapp, rope sitt nummer på 3 og utfordre neste på 4.

Dersom den som blir oppropt, ikkje hugsar på at det er han det gjeld, så han ikkje svarar på rytme, eller han ropar feil nummer på 3 eller 4, eller ikkje følgjer rytmen, går han, og må setje seg på siste plass (plassen med høgast tal).

Poenget er å kome seg på plassar med lågt tal, og leiaren blir gjerne ofte utfordra, for om han går, har han lengst veg opp att på trona. Det høyrest kanskje kjedeleg ut, men denne leiken kunne gå i timevis når tilhøva var dei beste!

Restaurering



Prestegarden er eit anleggsområde. Langs vestveggen og nordveggen er det bygt tak og vegg over arbeidsplassen, så slepp ein regn og snø på maskiner og folk og den jorda dei arbeider med. Stein og pukk er tilkøyr, og arbeidet blir utført dels med hand og trillebår, og dels med maskin.



Eit billass pukk blir køyrt inn den gamle hovudinngangen med trillebår. Restaurering og opprustning til dagens krav samtidig, er noko vi set pris på. Huset blir nok betre å bu i enn nokon gong.



Vi er på kjøkenet, i nordenden av huset og ser at det som var av steinmur for ein stor del er borte. Det ligg an til at alt som skal gå i golvet av tekniske installasjonar skal på plass før golva kan gjerast ferdige.



Her låg ytterveggen ned på svart matjord, berre med eit lag stein eller to mellom treverk og mold. Den nye muren er laga på gamlemåten, ser det ut til.

Vereide prestegard - eit anleggsområde

TEKST OG FOTO: ODDVAR ALMENNING

Restaureringa held fram, og det blir grundig og skikkeleg gjort. Framleis føregår det aller meste i grunnen, frå golvborda og nedover. Etter kvart som golva lag for lag blei demonterte, fekk ein oversikt over fundament og grunnmur, eller rettare sagt: -fekk ein sjå at slikt manglar! Både

indre delevegger og yttervegger ligg på svart matjord, med berre eitt steinlag eller to mellom treverk og mold. Huset må ha følgd telen opp og ned i mange av desse snart 250 vintrane det har eksistert. Vi ser at rotne stokkar blir reparerte, og at ny, men gammaldags steinmur tek form under dei reparerte veggene.

Det er køyrt til fin murings-skifer og eit lass med pukk. Det er interessant og spennande å følgje med i prosessen, og vi trur at mange prestefamiliar i ei lang framtid kan få eit godt liv i dette huset som er den største prestegardslåna i Bjørgvin, det største bispedømet i landet.



Med hjarte for Etiopia

Johnny Bakke voks opp i Gloppen der far hans med same namn, Johnny Bakke, var prest og politiskar i Breim og i Gloppen. Frå 1964 var faren ordførar i Gloppen ein periode og han var prost i Nordfjord. Alle dei tre borna vart engasjerte misjonærer. Johnny arbeidde ca. 40 år i Mekane Yesus Seminary i Etiopia. Der var han med og utdanna prestar, lærarar og leiarar for kyrkja. No er han busett i Sande i Vestfold.

Emmanuel – Gud er med oss

JULEBREV FRÅ MARIT OG JOHNNY BAKKE

Eit av attåtgodde med å vere misjonær i Etiopia er at ein feirar jul to gonger i året. 6. og 7. januar høgtidar den etiopisk-ortodokse kyrkja som om lag 40 % av folket tilhøyrer, si julehøgtid. Dei mange evangeliske kyrkjene har også alltid følgt denne praksisen. Den internasjonale lutherske kyrkja der vi ofte feira gudsteneste, hadde derimot si julekveldsgudsteneste den 24. desember sidan med-lemmene her kom frå land med denne tradisjonen. For oss som familie var dette ei god ordning. Først kunne vi feire og synge om Emmanuel, Gud fødd inn i vår verd, på den 24. og 25. desember saman med familie og internasjonale vener. Og så den 6. og 7. januar feira vi saman med etiopiske vener.

Etiopisk julefeiring er på mange måtar ulik vår. Dette gjeld særleg feiringa i den ortodokse kyrkja. Dei mange evangeliske kyrkjene har nok, enten vi likar det eller ikkje, adoptert mange skikkar frå USA og Europa. Men om vi legg godviljen til, så er ikkje skikken med å ha eit juletre heilt framand i etiopisk samanheng. I den ortodokse kyrkja har det i hundrevis av år vore vanleg å legge friskt grønt gras på golvet for å symbolisere liv og glede i heimen. Ortodokse kristne og også ein del evangeliske fastar i fire veker før jul. Det gjer at juledagen ikkje blir ein



dag som alle andre, men at også matbordet vitnar om det som har hendt. Før dei bryt fasta tidleg juledags morgon, har mange, mange ortodokse og evangeliske feira julebodskapen i kyrkja heile natta. Det er ei heilt spesiell stemning å vere der den natta. Ein del sit med levande lys og les frå Bibelen eller ei bønebok, andre sit og høyrer på songen og musikken, og andre igjen har lagt seg til å sove i ein krok på golvet.

”Jula varer heilt til påske”, heiter det visst i ein gamal song. Men i Etiopia kan ein godt seie at jula varer heilt til 19. januar. Dette er ein av dei aller største kristne dagane i året. Den blir kalla ”Timqet” – dåp. På denne dagen feirar dei både minnet om Jesu dåp og at dei sjølv vart døypte ein dag. På denne måten blir jula sett inn i ein større samanheng. Jula er ikkje berre forteljinga om barnet, Maria og Josef. Det er også bodskapen om at dette barnet, Jesus, Guds son, kom for å frelse oss og at vi i dåpen skal få del i denne gáva.

*Guds frelse til verda er komen.
Bodskapen skin gjennom dagar og år,
Sonen er her, som solrenning klår,
han har fridd oss or djupaste natt.
Guds heilage namn vere lova!
Norsk salmebok nr. 67, v.3*

God jul!




Sandane barnegospel gledde dei frammotte i Vereide kyrkje med fin song.

Ein herleg gjeng fekk bok av kyrkjelydane sine

TEKST OG FOTO: HARALD ASKE

18. oktober var ein stor dag for mange som går i fyrste klasse. Både i Vereide og i Gimmedstad strøymde dei på, borna som hadde fått ein spesiell invitasjon til å kome til kyrkje. Ei ny og fin bok, tilrettelagt for 6-åringar, låg og venta på dei i kyrkja. Boka er utstyrt med fine bilete og gode tekstar, og målet er at boka kan gje heimane ei støtte i trusoppleringa, ei støtte i å verte meir kjend med Jesus. For

Jesus sa: «Døyp dei og lær dei.» Sokneprest Vidar Bjotveit delte ut bøkene, og det såg ut til at alle hadde trena på å rette fram fine-handa for å takke. I Gimmedstad var der også tre barnedåpar, noko som passa spesielt godt ein slik dag der vi fekk sjå samanhangen mellom dåp og opplæring. I Vereide fekk ein også høyre Sandane barnegospel, dirigert av Marièl Eikeset Koren.





6-åringane i Gimmestad

Frå v. Sofie Ravnstad Mykland, Aron Grov Døskeland, Kristoffer Brunsvik Rygg, Jenny Langeteig, Tord Langeteig, Ulrik Bakketun Nygård, Kamilla Ryssdal, Malin Edvardsen Klokset.



6-åringane i Vereide

Framme frå v. Mathias Hestenes Lunde, Eskil Kjørвик, Emil Bolstad Larsen, Malin Grov Solheim, Marie Myrliд Bøe, Yoel Misgna, Nicole Mari Bolstad, Mia Jacobsen Egge, Martine Vereide Heggdal, Espen Drageset Nes, Nora Haram Lundestad, Debora Akllilu Tekle, Henriette Kvamme Lien. 2. rekkje frå v. Aurora Svalheim, Tuva Sægrov Øygard, Elud Issak, Anders Kvernevik, Obama George Tut, Eirik Sollid, Karoline Ommedal Aske, Rebekka Berit Fure.



60-årskonfirmantane i Breim. Framme frå venstre: Arne Felde, Dagny Flotre Lovås, prest Tore Myklebust, Bjørg Lunde Støyva, Arne Hole. Bak frå venstre: Dagfinn Kleppe, Reiel Felde.

Konfirmantjubiläum i Breim

TEKST: INGEMAR SÅRHEIM

FOTO: PER-SVEIN REED

Helga 3. og 4. oktober var 50- og 60-årskonfirmantane samla til jubileumstreff. Frammøtet var godt blant 50-årskonfirmantane, litt mindre fram møte av 60-årsjubilantar. Veldig kjekt å sjå at så mange kom langvegs frå for å vere med denne helga!

Vi møttest i kyrkja laurdag ettermiddag til ein flott kyrkjekonsert. Medverkande der var Mariël Eikeset Koren på orgel, Martin Koren med song, og John Oddvar Kandal og Helene Myklemyr på fele og trekkspel. Ei flott oppleving!

Seinare på laurdagskvelden samlast vi på Gloppen Hotell. Her var det duka for veldig god mat og «møkje god søgje». Ein triveleg kveld med mimring og sosialt samvær ut i dei små timar. Også her var John Oddvar Kandal og Helene Myklemyr med og krydra samlinga med flott musikk.



50-årskonfirmantane i Breim. 1. rekke frå venstre: Britt Randi Heggheim, Berit Seime Nesdal, Anne Marie Egge Fløtre, Petra Felde Skrede, Torill Håheim, Synnøve Egge Hole. 2. rekke frå venstre: Ragnhild Strømmen, Tordis Myklebust Støyva, Gerd Fløtre Olsen, prest Tore Myklebust, Randi Sæthre Ungersnes, Jenny Myklebust, Marta Bø Lien. 3. rekke frå venstre: Oddmund Årdal, Bjarne Hole, Inge Geir Sårheim, Olav Myklebust, Terje Moldestad, Kjell Hjelle, Reidar Sandal, Peder Kvile. Bak frå venstre: Arne Skinlo, Jonny Skinlo, Jonfinn Bø, Kjell Erik Strand, Jakob Myklebust, Lars Bergheim.

Søndag samlast jublantane i Breimskyrkja igjen. Her var det først fotografering og deretter gudsteneste med presentasjon av 50- og 60-årskonfirmantane. Også her vakker musikk av John Oddvar Kandal og Helene Myklemyr. Etter gudstenesta samlast 50-årskonfirmantane og la ned rose på gravene til

dei av konfirmasjonsskullet som har gått bort. Til slutt var det igjen samling på Gloppen Hotell til middag og avslutning på eit svært triveleg jubileumssamvær.

Ei stor takk til Mariël Eikeset Koren, Martin Koren, John Oddvar Kandal og Helene

Myklemyr for flotte musikalske bidrag på jubileumssamlinga! Stor takk også til Ingemar Sårheim som på vegner av soknerådet og jubileumskomiteen stod i spissen for arrangementet.

Lysmesse i Hyen kyrkje



Inngangsprosesjon ved elevar frå Hyen skule.



Kyrkjelyden står og syng Solbarn, jordbarn, bak din tynne hud stråler mot oss kjærlighet fra Gud.



Tekstlesingar og lystenning ved konfirmantar.

Lysmesse i mørketida

BILDETEKSTER ASLAUG LARSEN

FOTO: KURT DJUPVIK

Lysmesse er ei gudstenesteform som blei skapt i konfirmantarbeidet av ein KFUM/K-prest for om lag eit halvt hundreår sidan, og som har hatt stor utbreiing i Noreg. I den mørkaste tida på året, gjerne i eit kyrkjerom med svært lite belysning, skulle ei mengd levande lys, borne inn i prosesjon av unge menneske i kvite kapper, gje von om ei lysare framtid, og vitne om Kristus som lyset i verda. Her i Gloppen er lysmessa tradisjon i adventstida, og i år har vi teke med nokre bilde frå Hyen. I Hyen er det sjeldan så mange konfirmantar at dei kan «bemanne» ei lysmesse åleine. Men hyarane veit råd, så elevar og lærarar stiller opp med planlegging, øving og deltaking. I år var lysmessa lagd til første søndag i advent kl. 16.00, og det var Tore prest og Anders organist som deltak frå staben si side.



August Aa Berge og Andreas Ommedal Aa tenner det første lyset.



Matilde Aa Berge, Marit og Eline Rønnekleiv las samlingsbøner.



JULEMÅLERI AV REMBRANDT OG HAVSTEEN-MIKKELSEN

TEKST: KARI GÅSEMYR

Rembrandt laga fleire måleri med motiv frå Jesu fødestad. Dei vert kalla «Julenatt» eller «Hyrdane tilber Jesusbarnet». Det som er gjeve att her, er truleg måla i 1649.

I dette biletet går merksemda vår rett på det lysande Jesusbarnet. Elles er rommet mørkt. Lyset frå Jesusbarnet syner oss Maria tett ved krybba. Ho er kledd i raude og blå kjortlar i pakt med tradisjonen. Vidare ser vi Josef, gjetarar, dyr og interiør i stallrommet i gjenskinet frå Jesu lys. Ein person står med ryggen mot oss slik at vi ser berre den mørke silhuetten av han, dette forsterkar effekten av skinet som strålar frå Jesusbarnet. Ein av gjetarane held ei lykt, ho lyser berre svakt. Rommet er ein stall eller ei løy, truleg i lokal byggeskikk. Bak Josef skimtar vi ein okse og fleire dyr. Av interiøret kan vi ane ein stige, ein hjell; krossforma kjem fram i nokre av måleria. Kanskje er dette eit frampeik. Vi opplever at noko viktig hender, heile flokken er konsentrert om det same. Samstundes er her ro. Biletet er godt å sjå på.

Lyset er viktig i målararkunsten både som reiskap og for å skape fargar og liv. Lyset vert nytta av kunstnarar for å framheve det viktige i motivet. Rembrandt levde frå 1606 til 1669. I hans samtid var det ei retning i målararkunsten som la vekt på kontrasten mellom det lyse og det heilt mørke. Lyskjelda var gjerne skjult eller utanfor biletet. På den måten fekk kunstnaren fram ein konsentrasjon om det vesentlege. Mange gode kjende måleri med motiv frå den kristne tradisjonen er komponerte på denne måten, vi kan seie at det var ein mote på Rembrandt si tid. Rembrandt var den første som let Jesus vere sjølv lyskjelda. I måleriet «Julenatt» er vi i eit lukka mørkt rom. Inga lyskjelde kan trengje inn. Barnet er lyset. Dette er ei viktig fornying i kristen kunst: Jesus er lyset i verda.

Tydelegare, kraftigare og vakrare kan vel ikkje Guds kjærleik til menneska formidlast. Han let sonen sin kome til oss som frelsar, fødd i ein enkel stall. Kunstnaren hjelper oss til å oppleve dette gjennom det lysande barnet i krybba.

Vi feirar Jesu fødsel og jula kring solsnu. Mange vil hevde at jula er ein lysfest som ikkje har noko med kristendommen å gjere. Særleg her i nord med korte og mørke dagar er det naturleg å lengte etter meir sollys, og det er rimeleg at solsnu er ei gledeleg hending. I tidlegare tider utan elektrisitet og den komfort vi er vande med, måtte dette kjennast endå viktigare. I Romarriket konkurrerte den kristne læra med ein solkult på 300-talet e.Kr. Kristendommen vart den gjeldande religionen. Mange tekstar i Bibelen, både i Det gamle og i Det nye testamentet, omhandlar lyset, Guds lys som det sanne lys. Jesus som er av Guds vesen, men fødd som menneske og som bur blant oss, er dette sanne lyset. Rembrandt hadde gode teologiske grunnar til å måle Jesusbarnet som lyskjelda. Vi kan likeeins seie at vår kristne julefeiring står i ein sterk tradisjon, ein kristen lysfest.

Rembrandt laga mange store kunstverk med motiv frå Bibelen. Han har inspirert andre kunstnarar, både målarar og skribentar, i alle år heilt opp til vår tid. I Vereidskyrkja heng «Julenatt» måla av Sven Havsteen-Mikkelsen. Vår eigen salmediktar Svein Ellingsen har gjeve ut tekstar han har skrivne ut frå meditasjon ved Rembrandtmåleri. Ellingsen har redigert boka "Og lyset skinner i mørket. Juletiden dag for dag" og er forfattar av "I lyset fra Guds fremtid". Her finn vi mange interessante tekstar om kunstverk i kristen tradisjon.



Kristus er lyset

TEKST: ODDVAR ALMENNING

Sven Havsteen-Mikkelsen har laga Småleriet «Julenatt» som heng i Vereide kyrkje. Det er frå 1997, og målar 140 x 200 cm. Olaf Sigurd Gundersen kommenterer biletet slik i jubileumsboka for Vereide kyrkje (2014):

«Det er stort og flott, men beskjedent, varmt som eit åkle, stille, sterkt og ekte. Blåsvart og tungt grønt er rommet kring det intense, gulkvite lyset som kjem frå krubba Maria er bøygd over. Omkring skimtar vi adventsfolette skikkelsar. Andleta deira er opplyste i glansen frå barnet. Ei av kappene er tom, og gjev signal om at det også er plass til den som ser, ved krubba, og slik gjer han bildet ferdig. Takbjelkane over stallen er spesielle, ikkje noko ein arki-tekt ville ha vedkjent seg. Dei minner til forveksling om ein kvelva, T-forma kross. Den dramatiske forma forutseier den skjebnen det vesle barnet skal lide.

Havsteen si «Julenatt» minner om Rembrandt si tolking av det same motivet. Men i motsetnad til Rembrandt målar han ikkje Kristus sjølv, berre det lyset som går ut frå han». Om Rembrandt var den som fann på å måle Kristus som sjølv lyskjelda i biletet, har både Havsteen-Mikkelsen og andre visst å lære av den store kunstnaren. Men tanken om at Kristus er lyset, kjem frå Kristus sjølv, og ikonmålarar har heilt frå oldkyrkja av freista å framstille dette i sin kunst.



Marché de Noël.

Der Christmarkt.

Christmas Fair.

Julemarknad i Nürnberg, Tyskland. Litografi frå det 19. århundre. (Frå Wikipedia)

Meir enn pynt

TEKST: GUNN HOLE

Den velbrukte kassa med juletrepynt var plassert på ein litt bortgøymd stad på loftet. Vi såg den likevel, kvar gong vi hadde ærend der oppe. Den stod liksom og skein av jul heile året. Vi tenkte aldri på å opne den og kikke på innhaldet når det leid utpå året. Nei, berre eit blick var nok til å gje gode vibrasjonar om jul.

I desember steig forventninga, då laga vi julepynt, julekort og song julesongar både på skulen og heime, men tykte framleis det var langt fram. Men endeleg var julaftan der. På formiddagen vart pappkassa forsiktig

balansert ned stigen frå loftet og plassert trygt på stovebordet. Juletreet var allereie kome på fot og stod der grønt og klart til å bli pynta.

Ventetida var over, og jula kunne starte. Gjensynet med julepynten var kvart år ei oppleving i seg sjølv. Alt låg fint innpakka i mjukt papir, plassert i øskjer som var inndelte i små rom, ferdige til å bli lyfta forsiktig opp og beundra før dei fekk ein høveleg plass på ei struttande grangrein. -Her er dei nydelege raude julekulene vi fekk i fjor! -Sjå, der ligg fuglen med velet som alltid står litt på skakke!

Praten gjekk livleg medan vi gjorde noko av det aller kjekkaste vi visste, nemleg å pynte juletreet. Ikkje tenkte vi på at mykje av julepynten hadde ei djupare meining. Så lenge vi var barn, hadde vi nok med å beundre alt det skinande, blanke og fine. Men to ting sa seg sjølv heilt utan forklaring: Dei små bjøllene som kunne ristast og gav ein sped, klingande lyd, måtte vere kyrkjeklokker i miniatyr. Og stjerna i toppen var heilt sikkert Betlehemsstjerna.

Tradisjonen med juletre er ikkje så veldig gammal her i Noreg. Den kom hit i 1860-åra, men det var først godt utpå 1900-talet

at skikken vart vanleg over heile landet. Då hadde juletre lenge vore ein naturleg del av julefeiringa i Tyskland, knytt til framveksten av protestantismen. Over tid spreidde den seg til andre land, via reiser og gjennom litteratur. Juletreet vart introdusert i Noreg som eit meiningsberande symbol i den kristne julefeiringa. Det hadde sitt eigentlege opphav i forteljinga om livsens tre i Edens hage. Dermed vart det også eit symbol på Jesus som gjev evig liv. Dette forklarar kvifor dei evigrøne tresortane furu og gran er mest nytta som juletre.

Den eldste juletrepynten var enkel og heimelaga: støypte lys, lenkjer, kakefigurar og fletta korgar i glanspapir. Det skulle ligge

frukt, mandlar, rosiner og anna julegodt i korgene. Norske flagg brukar vi også på juletreet, det er truleg fordi juletretradisjonen

oppstod omtrent samtidig med at Noreg vart ein sjølvstendig nasjon.

Etter kvart vart det muleg å kjøpe juletrepynt, og kjøpetinga tok gradvis plassen til den gamle pynten. Likevel er det framleis tradisjon å lage mykje sjølv, og mange heimar, skular og barnehagar har framleis

sine formingsprosjekt i vekene før jul. Slik får kvart juletre sitt eige særpreg, ei fin blanding av nytt og gammalt, kjøpt og heimelaga.

Mykje av juletrepynten har ei klar forankring i forteljingane frå Bibelen: Stjerna minner oss om den som ein gong viste veg for dei tre vise menn, og glitteret er stjernerstrålane. Lysa på juletreet er gjerne det ein legg mest merke til, og dei symboliserer Jesus som verdas lys. Hjarte finn vi i alle fasongar og utformingar, og dei minner oss om Guds kjærleik. Englane er sjølvagde i juletreet, for dei var dei første som forkynte at Frelseren var fødd. Julekulene er nydelege. Dei representerer jordkloden vi bur på og som vi må ta vare på, og lenkjene står for samhold og brorskap mellom oss menneska. Før var det vanleg at juletrefoten var i tre og forma som eit kors, til minne om Jesu død. No er ein plastfot meir vanleg, den gjev høve til vatning, så treet held seg lenger.

Vi som har vakse opp her i landet, kjenner godt til tradisjonane kring jul og advent, men meininga som ligg til grunn for skikkane våre, kjem nok av og til i bakgrunnen. Då kan det vere ein vekkjar å sjå tradisjonane utanfrå, slik som for eksempel denne kvardags-situasjonen fortel om:

-I dag tidleg oppdaga eg noko merkeleg midt i Sandane sentrum, sa den unge karen ein morgon tidleg i advent då han kom til skulen for å lære seg norsk. -Nokon har plassert eit fleire meter høgt tre midt i Sandane sentrum, det står mellom Sparebanken og Heradshuset. Veit du, dei har hengt LYSPÆRER på det! Merkeleg! Eg tippar det er meint som ein ekstra lampe no i mørketida, og det kunne trengast. Men det var sikkert ein kald jobb å ordne til dette!

Han hadde kome til Noreg frå landsbygda i eit armt land i Asia, og kjende ikkje til kristendomen eller vår norske måte å feire jul på. For han vart det uråd å «lese» kva eit juletre var for noko. Å fortelje om den første jula og dermed bakgrunnen både for juletre og mange andre tradisjonar, vart viktig for at han skulle kunne forstå skikkane våre i desember. -Dette gjev mening, sa han.



Fra fjord og fjære

Den første norske julesalmen

TEKST: ANDERS RINDE

Magnus Brostrup Landstad har fått ord på seg for å ha vore litt tungsindig og alvorleg. Det er noko i det. Han gjekk sorgtyngd gjennom livet, men lysna litt opp kvar jul. I diktet En barndomsrerindring står det slik: «Jeg kjenner ingen bedre tid enn gjøkedag og jul.» Og i eit vers av salmen De hyrder stirrer i natten ut kjem haldninga og innstillinga hans tydeleg til uttrykk:

*Hver juleaften jeg tenner mitt lys,
da samles vi gamle og unge.
Så hjelpes vi ad Guds ære og pris
med hjertens glede å sjunge.
Det er den kjæreste stund jeg vet
blant årets triste og tunge.
(NoS 1985 nr 58, vers 4)*

De hyrder stirrer i natten ut vart ikkje med over i den nye salmeboka. Det vart derimot den som er blitt kalla den første heilnorske julesalmen. Det er Landstads store julesalme Fra fjord og fjære.

I 1856 gav Landstad ut eit lite hefte med julesalmar. Nokre av dei var originale, andre var omsettingar av m.a. Martin Luther. Ein av dei originale var Fra fjord og fjære. Landstad plasserer julefeiringa midt i eit norsk vinterlandskap, så urnorsk at det er vanskeleg å tenkje seg at salmen kan syngast i noko anna land. Men mange, særleg Landstads prestekolleagaer, protesterte kraftig mot språket i salmen. I det heile utløyste Landstads salmar ein veritabel språkstrid. I akkurat denne salmen var det ord og vendingar som fra hver gård og grend, armod's hytter og lys i hvermanns gård, som skapte strid.

Då Landstad fekk oppdraget med å lage ei norsk salmebok, var han frå første stund klar over at det poetiske omsynet måtte vege tungt ved valet av salmar. «Kirken maa tage Kunsten i sin Tjeneste, den maa ogsaa hjælpe til at forherlige Guds Navn og fremme Menighedens Opbyggelse, medens den dog altid maa mindes, at den her ikke er Herre, men Tjener.» Men som Egil Elseth uttrykkjer det i sin Landstad-biografi: «Mon ikke erfaringen har vist at jo sterkere poesien er i salmer, jo bedre virker de også som forkynnelse.»

Det var ei hovudsak for Landstad å skape ei salmebok som formidla «det sanne kristelige, det poetiske, det hjertelige». Men like viktig var det at songane skulle vere folkelege. Dei måtte altså ta form og farge av det kulturmiljøet dei vart til i. Det folkelege elementet kunne ligge i forma: Ikkje få av salmane hans er prega av folkevisestilen. Likeeins kom det folkelege til uttrykk gjennom språket, og her var Landstad langt føre si tid.

Fra fjord og fjære er på alle måtar ein typisk Landstad-salme og ei konkretisering av Landstads program som salmebok-utgjevar og diktar. Det første verset har eit nasjonalt perspektiv – fjord og fjære, fjell og dype dal. Landet samlar seg til fest «for Guds enbårne, som er i dag oss født!» Andre verset har det lokale perspektivet – «Til kirken samle seg fra hver gård og grend», og vi blir med inn til ei festgudsteneste med lovsong (vers 2 og 3), ja, vi kjem like fram til krubba og Guds barnets nådeskinn (v 4). I vers

5 kjem takk og lov til han «som træder til armod's hytter ned». I siste verset er vi igjen ute i vinterkulda, men blir også minte på at «når allting endes, vi der [i himmelen] skal holde jul». Landstad skreiv salmen til ein melodi av Hardenack Otto Zinck, ein tysk-dansk komponist som gav ut koralbok til Evangelisk-Christelig Psalmebog (1798). Den salmeboka var ikkje så mykje brukt her til lands, men fleire av melodiane hans vart godt kjende og er framleis i bruk. I Zincks koralbok er utjamninga av melodiane fullført (alle tonar blei like lange), og det vart etter kvart ein svært slepande salmesong. Kvar tone kunne vare i opptil 4 sekund!

I 1970 laga Trond Kverno ein ny melodi til denne salmen. Han meinte salmen fortente ein «norsk» melodi, sidan det kanskje er den «norskaste» av alle julesalmar. Kvernos melodi har også litt av norsk folketone/folkevis i seg. Melodien kom med som eit alternativ i tilleggssalmeboka Salmer 1997, og som b-melodi i NoS13. I Vereide kyrkje har Kvernos melodi blitt brukt fleire gonger. Trond Kverno var 25 år då han komponerte melodien, og feira altså 70-årsdag i 2015. Han er ein svært sentral komponist av særleg vokal kyrkjemusikk etter krigen. I NoS13 har han med 25 melodiar. Berre Egil Hovland og L. M. Lindeman har fleire. Og fleire av melodiane hans er med i det vi kan kalle standardrepertoaret i kyrkja, slike som Vi rekker våre hender frem, Noen må våke, I dine hender Fader blid, Vi skal se deg, Herre Jesus, Dagsens auga sloknar ut og Du åpner døren. 1. juledag skal Landstads tekst og Kvernos melodi lyde i Vereide kyrkje:



Magnus Brostrup Landstad (1802-1880). Foto: Nasjonalbiblioteket.

1. Fra fjord og fjære,
fra fjell og dype dal
et «Ære være!»
i dag gjenlyde skal.
Fra kirketårne
i fryds basuner støt
for Guds enbårne
som er i dag oss født;
vi var forlorne,
nu er vi frelst av nød!

2. Til kirken samle
seg fra hver gård og grend
de unge, gamle,
av kvinner og av menn!
Vi ønsker eder
så glad en julefest,
Guds rikes gleder,
Guds fred i Jesus best!
Hos hver som greder,
vår Herre selv vær gjest!

3. Guds store under:
Vi har hans engler hyst!
Krist hos oss blunder,
Guds fred på jord er lyst!
Ja, la kun høres
Guds barns Halleluja,
la strengen røres
for Krist i Davids stad!
Nu skal vi føres
med ham til himlen glad!

4. I krybben smiler
gudsbarnets nådeskinn
mot hver som iler
med hyrder til ham inn.
Ved krybben nede -
hvor blir vel sjelen full
av bønn å bede,
av myrra og av gull!
Der er det glede,
Gud er oss hjertens huld.

5. Ha takk, som treder
til armods hytter ned!
Ha takk, som gleder
oss med din søte fred!
Kom inn, o Kriste,
tenn lys i hvermanns gård!
La isen briste,
gi varme snart og vår,
la ingen miste
hva godt din fødsel spår!

6. Her ute kulde
er nu – og dypen sne,
Guds himler fulle
av stjerner dog å se.
For oss opptennes
en deilig nådens sol,
Guds åsyn vendes
til oss fra himlens stol.
Når allting endes,
vi der skal holde jul!

Norsk salmebok nr 50



Hans Ommedal som 50-åring, teke medan han sat på Stortinget. Foto utlånt av Kjellaug.

Hans Ommedal skreiv dikt

I Ljøren 2014 har Magnar Heimset ein fyldig artikkel om læraren, skuleinspektøren og stortingsmannen Hans Ommedal frå Hyen. I eitt av avsnitta tok han med to dikt av Ommedal, «Ein blome» og «Kjære Kjellaug». Kjellaug er ofte tilbake i Hyen under Friluftshelga, og det var der Kyrkjebladet prata med henne og fekk henne til å sende dikt faren har skrivne. Her tek vi med eitt av dikta ho sende oss: «Syng du salmetone».

Salmetone – mild og sterk
syng du i mitt sinn.
Gjer du i meg Andens verk
syng til Gud meg inn.
Syng meg arme - inn til Far
stor og sterk på truna.
Syng meg inn til han som bar
for meg ei tornekruna.

Syng du salmetone god
som sus av englevenger.
Styrk du mildt mitt veike mot,
syng bort alt som stenger.
Rydd du vegen til min bror,
gjev meg varme ord.
Lyft du heile meg til Gud,
syng meg heim til mor.

Syng og sus du salmetone
i mi freistingsstund.
Du kan signe, salve, sone,
lækja sår i hjartegrunn.
Ver meg vakt og vern i våde,
trøyst når trøytt eg gråte må.
Syng du om Guds sæle nåde
når i grav eg siga må.

Då bestefar lauga seg

TEKST: KNUT GJENGEDAL
TEIKNING: JENS R. NILSSEN

Bestefar hans Arne var i mangt ein snodig kar. Han hadde langt, gråkvitt skjegg som breidde seg som eit faks nedetter bringa. Han hadde mange underlege hugmål som ho bestemor mislika. Bestefar rende gjerne på ski, endå han var ikring 70 år. Om vinterkveldane kom han ofte bort i skibakkane til smågutane, gjekk der og rende seg på dei breie, tjørebreidde bjørkeskiene sine med vidjeband i – til fullmånen stod høgt på himmelen. Staven han brukta, var ein lang, diger bjørkestaur. Han la begge hendene på staven, dunka han i snøen og liksom rodde seg fram når han gjekk. Gutane tykte han var flink til å renna, men var bakken for bratt, sette bestefar seg overskrevs på stauran og kom farande så det fauk og rauk ikring han. Dei tykte det var morosamt å ha ein slik rugg med seg i skibakken. Bestemor kom ut på tunet rett som det var og såg etter han. Til sist ropa ho: «Kjem du ikkje inn att no, så - -» Gutane såg at ho lyfte staven sin og liksom truga. Bestefar humra så smått og rende så heim.

Om sumaren når varmen kom i lufta, tok bestefar seg eit laug i «levande vatn», som han sa. Han hadde mura seg opp ein dam inne i Kvernbekken. Denne sumaren drygde det før bestefar tok til å lauga, for han hadde vori så plaga av gikt frametter våren. Bestemor ville han skulle halda senga. Ho både bad og truga når bestefar ville over sengstokken med dei stive føtene sine. «No får du løn for det uvituge basket ditt ute i snø og slaps om vinteren,» murka bestemor. Ho gnidde og salva og smurde føtene hans, strauk alltid nedetter – frå hjarta – så ilska skulle fara ut or kroppen, som ho sa. Men bestefar tok til å murka om at kom han seg berre inn i dammen og fekk lauga seg i levande vatn, så vart han kanskje fri gikta. Då dundra bestemor i golvet med staven sin: «Er du rykande galen!» ropa ho. «Du kan få krampe

og stivna til så du ligg der. Det skulle bli bra hyggeleg å ta deg att inne i hølen!» Dag etter dag greidde bestemor å halda bestefar frå grillene sine om å bada, og han gjekk der og hinka og drog seg.

Så var det ein dag fyrst i slåtten at Arne sat ovafor Kvernhølen og laga til ei fiskestong. Far og mor og bestemor heldt på å ta inn turr-mold på berga ovafor garden. Arne sat i skuggen av dei store bjørkene og stelte med stonga si.



Då med eitt høyrer han at det subbar og går i steinane nede ved Kvernhølen. Arne keik fram, og der står jamen gamle bestefar med laugarklede. Arne ottast at bestefar har lurt seg hit no når alle dei andre er ute. – Skulle han ta laupet inn til moldhytta og varsla bestemor, så ho kunne koma og få bestefar med seg heim att? For enn om han fekk krampe og sokk? Arne lyfte litt på seg og ville i veg, men ein anna tanke rann i han med det same: Fekk bestefar tak i at han hadde varsla, slarva, så kom han kanskje aldri til å tilgjeva det, og kor skulle han halda det ut om beste-

far bar agg til han? Nei, bestefar laut få bada. Det var då leitt at han ikkje kunne få smaka det levande vatnet. Og vatnet var så varmt at krampe kunne han vel snauvt få. Enn om bestefar vart fri gikta av å bada.

Arne tenkte på å smyga seg bort, for han hadde ikkje hug til å liggja og sjå på dette. Men enn om det hende bestefar noko, enn om han fekk krampe? Kven annan kunne då henta hjelp?

Arne keik fram att og fylgde bestefar med augo. Han stod med eit handkle på armen, og opp or lomma tok han saks, såpe og ein liten spegel. Han la alt dette på ein stein, gjekk så bort til hølen, susla i vatnet med hendene og kjende på det. Arne høyrde at han småhumra eit par gonger, så han fann visst vatnet så høveleg varmt og lika seg. Etterpå gjekk han bort til kvernhusveggen og hengde spegelen på ein spikar. Bestefar såg seg sjølv, riste på det lange skjegg-fakset, strauk nedetter det og greidde det med fingrane. Så småmurra han og sa: «Jamen er du bustut no, kar, mest som eit troll, men no skal vi pynta deg litt!» Arne kvakk der han låg og såg seg ikring, men han skjønna at bestefar snakka med seg sjølv. Der tok han saks i eine handa, heldt i langskjegget med den andre og gav seg til å klippa i fakset så bustene fauk. «Humr, humr,» sa han og klippte det grovaste av hakeskjegget. Så stelte han litt med bartane, klippte og tvinna dei. Då han endeleg snudde seg, så Arne fekk sjå andletet hans, var det liksom ein ny bestefar som stod der nede, eller helst ein framand mann i seksti-åra med stivt, firkanta hakeskjegg og kvass-tvinna bartar.

Der rusla han bort til hølen og tok til å vaska fakset, såpa det godt inn så kvite skumet valt. Så tok han den grovtinda kammen sin og byrja kjemma. «Nå – nå, er du så flokut i busta,» sa bestefar. «Æsj, vi må då greia opp

i tustene, følt kor du har flokna til i vin-ter,» stod han og prata med seg sjølv. Arne måtte le. Det var underleg å sjå og høyra på bestefar no han trudde seg åleine. Då han hadde greitt dei flokute bustene, gjekk han over med saksa att og finjamna toppane. Han stod ei god stund og såg seg sjølv i spegelen, så lo han: «Hø-hø-hø, jau omvølinga er den ho heiter, no ser du likare ut.» Arne kneip hendene for munnen, la seg ned i graset og knis-lo, for bestefar var ein pussig ein!

Då Arne såg opp att, heldt bestefar slirekni-ven sin i neven. Han rusla bort til ei lita bjørk, bøygde ned ei grein, skar henne av og rispa av lauvet. Det rykte i Arne: Han ottast for at bestefar hadde sett han, høyrte at han lo, og no kom han kanskje til å ropa han ned til seg, og då var det ikkje anna å gjera enn å gå ned til han og leggja seg under riset. Arne kraup saman attafor tuva, og keik fram med eitt auga. No, no sette vel bestefar i: «Kom hit, din vesle rakkar!» Men nei, der la han riset frå seg, smålo og sa med seg sjølv: «Ja, ja, så får vi ta oss eit laug, hum, hum. Eg trur det skal smaka.» Dermed tok han til å kle av seg.

Arne la hovudet ned i graset, for han tykte det var ei stor skam å liggja og sjå på bestefar medan han bada, men tanken på at han kunne få krampe og søkka, fekk han til å sjå opp att. Då stod bestefar i berre badebuksa ute i hølen og vaska seg så såpeskumet dreiv, og damvatnet fekk farge som blåkvit mjølk. Der slengde han såpestykket i land. Så vassa han lenger ut, heldt seg i ein stein, og la seg i vatnet til opp under armane. Han saup visst etter veret, for han sa «æh-hæh» eit par gonger. Der lyfte han seg opp att, sleppte seg så ned i til opp under haka. Best det var, dukka han heilt under. Arne kvakk: - No sokk bestefar kanskje? Nei, han skaut opp att, riste på hovudet og bles.

«Uff, huff!» frøste han. Dermed rugga han i land. Så treiv han bjørkeriset og tok til å piska seg sjølv, peiste og slo seg over rygg og aksler, nedetter sidene og låra, dask i dask. Det for kaldt gjennom Arne: Var bestefar vorten rusk, rivende galen? Han måtte visst vera det, for ris på berre skinnet var det verste Arne visste. - Men enn å stå og piska seg sjølv på nakne kroppen! Det ruste i Arne, for det var ikkje likt til at bestefar slo seg sjølv med mild hand, heller. Han beit tennene saman for kvar dask, rukka pannehuda og grein. Det måtte vera svidande ilt. Arne tykte at kroppen hans vart gloraud. - Var bestefar rasande på seg sjølv? Kva stod han elles der og piska seg for? Det måtte vera den for-tærande gikta han harma seg på, for han das-

ka seg over hoftene og låra endå ein gong. Så slengde han riset frå seg, svinga på seg og lo: «Hø-hø-hø. Jau no har du kvista deg varm, kar, friska opp blodet i ein gammal skrott.» Arne lika seg ikkje lenger, for det var mest som om bestefar snakka med ein usynleg ein borte i kvernhuset. Guten såg mot gluggen i veggen, eit kolsvart hol inn til eit mørkt kvernhaus med draug og skrømtsoger - - - Men der tek bestefar til å strekkja på seg, gjer nokre rørsler med armane og slær seg på bringa så det smell, gjev seg så eit par daskar attafor: «Vatn og ris er saker som - - - » mullar han og ler. Så kjem han hit til hølen att, legg handflatene saman, står ei stund og nikkar, bøyer seg fram - og så stuper han seg ut i djupblå paulen så kvite fossen står omkring han. Arne bråreiser seg, gjev frå seg eit lite støn, for no gjekk vel bestefar til botnar med full tyngd? Guten stikk hovudet fram mellom lauvet og kjenner at han skjelv over heile kroppen. - Gjekk bestefar ned i djupet og drukna, så kom det til å bli syrgje-leg for dei alle. Og han som ikkje sprang og varsla i tide. No var det kanskje for seint. Då ser han at bestefar skyt opp att, gjer nokre symjetak med hendene, rister på hovudet, frøser og blæs og seier «uff, huff!» Så kjem han sigande med straumen og tek seg i land på andre sida.



Arne sig ned att bak tuva og er på veg til seia «takk og lov». Men då veit han ikkje av før bestefar set i eit skrik, slær omkring seg med armane, gjer nokre ville rundkast og skrik ein gong til. Så spring han bort i byggåkeren. Der stuper han seg over ende, rullar seg i og kraunar og styn. Kor lenge Arne heldt anden, visste han ikkje, men at bestefar stridde med dauden, kjende han seg viss om.

Dermed tok Arne spranget beint gjennom tjukkaste graset, over ein kornåker og inni

ein turnipsåker så blada krasa under føtene, så oppetter bakkane. Han hadde berre ein tanke: å nå inn til moldhytta og varsla far. Arne nådde gjerdet, ein ristett einegard. Han hoppa opp på garden. Blusen hengde seg fast i dei stive kvistene, men Arne ansa ikkje det, rykte berre til og flerra blusen. Han skreik i då han såg far: «Åh-hå-hå, han bestefar, han, han - - - » «Har han teki i deg?» kom det frå bestemor. Ho sat på ein stein. No reiste ho seg, rette ryggen og la begge hendene på krokstaven. Mor stod med moldskuffa. Ho sa med ein sukk: «Kva slag fanteknep har du fari med no att?» «Har du fått deg ein hårlugg kanskje?» kom det spitande frå far. «Nei, nei,» stota Arne, «hadde det berre vori det, så - - - men han b-b-bada, så piska han med eit bjørkeris, og - - - » «Piska han deg med bjørkeris?» spurde far. «Nei, nei, ikkje meg. Kan de ikkje høyra. Det var seg sjølv han piska, og så skreik, og - - - » «Piska han seg sjølv så han skreik?» spurde bestemor undrande. «Nei, det var sidan han skreik. Han stupte seg i hølen - - - » «Trøyste og hjelpe oss, så ligg han der?» jamra mor. «Han ligg ikkje i hølen, han ligg i åkeren. De må koma før han set til,» skreik Arne. «Kva ville han i åkeren?» kom det frå far. «Kan eg vita det. Han kom or hølen, så skreik han, slo ikring seg med armane - slik. Så hoppa han inn i åkeren. Han stunde då eg sprang. Å, skund deg far, før han døyr.»

Då tok dei til spranget, far føre, mor etter, og bestemor hokra etter alt ho orka. Arne hadde aldri sett henne fara så fort, og munnen skalv: «Eg sa det med han, sa det, og sa det, at går han i laug, så - - - » Ho gret, snykta og småsprang ned gjennom enga. Arne kjende tårene, han og, der han pila framom henne.

Men då far og mor og Arne kom så langt ned at dei såg Elveåkeren, vardest dei bestefar. Han for vassande gjennom åkeren og la seg beint ned då han nådde opp i enga. Han var ille stelt, var kvefsestukken i andletet, nedetter aksler og rygg - radt til beltestaden. «Dei hogg i meg som med gloande nåler,» freista han seia, men han fekk ikkje munnen retteleg til, for han hadde fått kvefsestikk på lippa og. «Stakkars bestefar.» Det datt utor Arne før han vardest.

Dei fekk bestefar heim og i seng. Andletet trutna opp, så dei såg mest ikkje augo i han fyrste dagane. Arne sat inne hjå han. Bestemor gjekk stilt inn og ut. Men ein dag sa ho: «Du gjorde ikkje fara der inne i laug. No kan du sjå.» Arne drog pusten og letna. Når bestemor tala slik, var det å vona at bestefar kom seg. Det gjorde han og. Og gikta gav seg!



Julelopper i november

TEKST OG FOTO: GUNN HOLE

Vinteren hadde sett inn og den første snøen lava ned, men dei som fann vegen innom Datainstituttet 14.

november, vart møtt med varme, hyggjeleg prat, peparkaker og kaffi. Og bord som bogna av fint oppstilte ting til advent og jul. Det var årets juleloppemarknad til inntekt for kyrkjelydsarbeidet som gjekk av stabelen.

-Det er nok femte året vi steller til dette, seier Reidun Eikeset. -Vi arbeider systematisk med loppene når dei kjem inn, og sorterar alt i merka kasser. Juletinga sparer vi til denne helga i november. Vi plasserer nissane for seg, englane i ei anna kasse, ting til kjøkenet får sine plassar, og så vidare. -Det er ein jobb som pågår heile tida, legg Guri Hoddevik til. -Vi vaskar, sorterar og har det sosialt og triveleg saman.

På spørsmål om tidsbruken framfor akkurat denne loppemarknaden, fortel Guri at Reidun og ho sjølv har brukt minst ei heil arbeidsveke på førebuinga. Den innsatsen viser att. Loppene er reine og fine, og så pent utstilte at vi kunne tru det var i ein butikk. Her går

det an å skaffe seg oversikt om ein vil supplere eige juleutstyr til ein rimeleg pris. Sjansen er stor for at ein finn noko heilt spesielt.

Guri har vore hovudansvarleg for loppemarknaden ein periode, men trer no av. -Det er mange tunge løft i dette arbeidet, og det bør eg ikkje gjere lenger, vedgår ho. -Men svært kjekt har det vore å stå i denne oppgåva. Også Reidun seier takk for seg etter dette. -Eigentleg er eg slutta for to år sidan, smiler ho. -Men her går eg framleis. Vi har hatt så mykje bra saman at eg blei med lengre enn eg tenkte.

Oddlaug Vereide sit i hjørnesofaen og tek seg ein kopp kaffi saman med staben og kundar som kjem innom. Ho var ein svært engasjert leiar for arbeidet med loppemarknad i mange år, og sjølv om andre no har teke over, er ho med når helsa tillèt det. -Å sjå at ting fungerer har vore veldig gjevande. No gleder eg meg over at andre fører arbeidet vidare, seier ho. -Drivkrafta mi har vore den inderlege interessa for kyrkjelydsarbeid, og særleg det som vert utført av dei frivillige. At

vi har klart å samle inn mykje midlar til dette, har vore fantastisk. Slik er vi med på å rydde veg for Herren. Det er viktigare enn nokon gong at kyrkja driv eit godt kristent barne- og ungdomsarbeid. Mitt håp er at fleire kan kome til tru på Gud, seier Oddlaug. -Eg har også gleda meg over å vere med på å skape eit miljø der folk treffest. Vi har t.d. vore over 100 involverte på loppemarknaden i august, og eg har sjølv blitt kjend med mange hyggjelege menneske gjennom dette arbeidet.

-No vil eg legge til at den opne og inkluderande holdninga til Oddlaug og Kåre Vereide har vore svært inspirerende, understrekar Reidun. -Den har betydd enormt mykje for oss som har jobba tett med loppemarknad i årevis. Vi kjem til å halde kontakten.

-Nye krefter kjem inn i dette arbeidet, og dei må finne sine arbeidsmåtar, slik vi fann vår. Vi stiller gjerne på med råd og vink, om det er ønskeleg. For oss vil GLEDA vere det vi hugsar best, avsluttar damene.



Det var førjulsstemning i lokala til Datainstituttet. Rundt bordet frå venstre: Marit Henden, Anne Margrete Eide, Marit Helgheim, Oddlaug Vereide, Guri Hoddevik, Maria Rosenlund og Reidun Warpe Eikeset.



Reidun og Oddlaug har funne tonen.



Marta Almenning fann seg nokre godbitar på nissebordet.

Har du lopper i blodet?

Stiftinga Arbeidskyrkja i Mona har skifta namn til Stiftinga Kyrkjelydsarbeid i Gloppen, og 28. september 2015 vart det valt nytt styre.

Roar Henden tek over leiarvervet etter Jon Gimmestad, og har med seg Daiva Vereide, Olin Astrid Austrheim, Arild Horntvedt og Mariël Eikeset Koren på laget.

-Vår fyrste og største utfordring no er å få inn nye frivillige som kan hjelpe oss i arbeidet med loppemarknaden, seier Roar. -Ein del av dei som til no har vore mest aktive i det frivillige arbeidet ynskjer å gje seg, og vi er heilt nøyde

til å få tak i nye engasjerte som kan vere med på dugnaden. Vi søker folk som er interesserte i lopper og antikvitatar, som likar å sjaupe på litt, og det er inga øvre eller nedre aldersgrense. Her er arbeidsoppgåver av dei fleste slag, vi treng folk til sortering, transport, bering, sal med meir. I tillegg har det langsgåande arbeidet med loppemarknaden vore ein sosial møteplass for dei som har delteke, seier Roar.

Dersom dette høyrst interessant ut for deg, kan du ta kontakt med Roar Henden eller direkte med Guri Hoddevik eller Reidun Eikeset, som skal stå for opplæringa rett over nyttår.



MORTEN LEIRGUL

Advent

Advent betyr å vente, stod det skrive i eit blad for eit par år sidan. Det er ein forståeleg feil av minst to årsaker: 1) Ordet liknar, og 2) Det er jo nettopp vente vi gjer i advent; vente på jula.

I tillegg kan nemnast at venting er omtalt i fleire kristne tekstar som omhandlar advent. Klart vi ventar på jula. Ofte kjenner ein det som ein knapt klarer å vente til 24. desember. Det er uhyre spennande å sjå på gåvene som er kjøpte inn og gjere seg opp ei meining om noko av dette er til meg, og om eg i så fall klarer å gjette kva som er inne i pakken. På sjolve julaften har eg sett meg ut nokre gåver som er særleg spennande, og gler meg meir og meir for kvar gong eg rundar treet i juletresongen.

Ventinga er uuthaldeleg, og heldigvis, handelsstanden veit råd. Mjølkekartongane har alt før november er omme fått julemotiv. Julevarene er for lengst utstilte og prisa. Somme forretningar har alt tidleg i oktober gjort klar til at vi kan kjøpe inn årets julestas. Det har også vorte eit skifte i ordbruk: I mange høve har adventskalender vorte til julekalender,

adventsstjerne har vorte til julestjerne, og sameleis med fleire adventsombegrep.

Også i handling er advent i ferd med å misse si særstilling. Advent har vorte ei tid med julekos – før jul. Er det feil? Eg kjempar litt med rett svar på dette spørsmålet.

Advent tyder altså ikkje å vente, men å kome. Det er Kristi kome det er tale om. Han kom for 2015 år sidan, og han kjem til oss når vi bed han. Det lova han siste kvelden han var saman med læresveinane. Profeten Jesaja og døyparen Johannes er to førebilete for adventstida. Dei minner oss om å rydde veg for Herrens kome. Desse taler ikkje om å vente på Herren, men å gjere klart så han kan kome.

Dette med klargjeringa er kanskje ikkje så klart. Kva handlar det om? Det er vel som med all vegrydding – at det kjem an på kva som er i veggen. Det er vel difor advent i eldre tid var rekna som fastetid, faste før festen, til liks med fasta før påskefesten. I fasta er noko av tanken å finne og rydde av veggen alt som forstyrar meg i forholdet til Gud. Kristen

faste er i vår tid mykje mindre omtalt og relativt lite brukt. Eg har slett ikkje gripe alt fasta femner og har framleis mange spørsmål om dette temaet; eg jobbar med det. Eg trur ikkje det er veggen å gå å svelte seg for å «fine seg inn» med Gud. Det er nok heller ei bøn om nærvær og merksemd.

Fellesskapet forstyrar ikkje, det styrker forholdet til Gud. Fellesskapet i heimen vår held eg svært dyrebart. Vi har gjort det til ein tradisjon å samle oss om rosinbrød og gløgg (trass i at ingen av oss eigentleg er glad i gløgg) og lese ein Messias-profeti kvar søndag i advent. Så syng vi ein adventssong saman. I tillegg les vi frå ein gammal årgang av Juletre, Norsk Barneblad sitt julenummer. Slik kjem vi også i stemning til advent, eller er det til jul? Klarer vi å skilje desse høgtidene? Må vi skilje dei? Eg trur i alle høve at det er sunt at vi prøver å gjere det slik at ikkje alle dagane blir like. Både i gjeremål og i måltid er det sunt og rett å skilje helg frå yrke og fest frå kvardag. Og så er det stas å ha noko å gle seg til!

God advent!



BRIT EVY VIK

Namnet mitt er Brit Evy Vik, og oppvekståra hadde eg på Fitjar på Stord. Som den eldste i ein søskenflokk på seks, måtte eg tidleg ta ansvar og ta del i arbeidet både inne og ute på garden. Eg gjekk alle mine skuleår på Fitjar og Stord til eg var ferdig utdanna lærar. Før eg kom til Gloppen var eg innom Vinje i Telemark, Onarheim på Tysnes og Tælavåg på Sotra. Morslekta mi kjem frå Gloppen, så eg var godt kjent her før eg flytta hit i 1986. No har eg budd på Myklebust i lag med Olav, mannen min, og dei to borna våre i snart 30 år. Breim skule har vore arbeidsstaden min dei fleste av desse åra. No nyt eg første året som pensjonist.

Nå vandrer fra hver en verdenskrok

Eg har alltid vore glad i song og musikk og synest der er svært mange flotte salmar, både eldre og nyare. For meg har gjerne melodien like stor betydning som teksten. Og så er det slik at ein knyter salmane for eksempel til epokar i livet, til spesielle hendingar eller til einskilde menneske.

Dei aller fleste borna gjekk på søndagsskulen i 50- og 60-åra. Vi søskena gjekk og, sjølv om vi hadde 2,5 km å gå for å kome dit. Seinare vart det Yngres vi var med på laurdagskveldane, det var flotte år der trygge vaksne brukte mykje av fritida si på å bringe den glade bodskapen vidare til oss. Songar/salmar som «Min båt er så liten» og «Ingen er så trygg på ferda» har eg med meg frå søndagsskuletida, vi syng dei i 2015 i barneforeininga på Byrkjelo. «Han tek ikkje glansen av livet» og «Ren og rettferdig, himmelen verdig» er to av salmane som vi song mykje i ungdomstida. Alle desse er slitesterke salmar som er komne med i den nye Salmeboka.

Eg hadde ei bestemor som budde vegg i vegg med oss. Når småsyskena ikkje gav fred, og eg hadde ei ledig stund, var det godt å kunne smette inn til henne. Bestemor hadde alltid tid, på hennar fang fann eg roa. Når eg kom inn til henne om morgonane, hadde ho andaktsstund. Då las ho frå Bibelen og song ein salme. Den salmen eg hugsar ho song ofte, var «Ved Jesu føter ei stille stund,

når orda kjem frå hans eigen munn». Den er ikkje teken med i den nye salmeboka. Denne salmen har betydd noko spesielt for meg alltid etterpå. Kanskje vi har mist dette i vår oppjaga tid, å finne rom for stilla?

No nærmar jula seg. Då er det mange flotte salmar som trengjer seg på. Eg vil nemne to av dei her, Bjørn Eidsvåg: «I en natt så klar og kald» (nr 69 i Salmeboka) og Trygve Hoff: «Nordnorsk julesalme» eller «Velsigna du dag over fjordan» (nr 24 i Salmeboka). Les dei, syng dei, lytt til dei, nyt dei!

Men den eg vil dele med lesarane av Kyrkjebladet no før jul er «Nå vandrer fra hver en verdenskrok», nr 59 i Salmeboka. Jonas Dahl har skrive teksten, Alf Fasmer Dahl har laga melodien. Denne er eit kjærte minne frå barneskuletida, då vi song mange av julesongane tostemt i klassen.

Lat oss prøve å finne tid til å gå inn i stilla no i førjuls- og juletida, og slutte oss til det toget av kristne frå heile verda som er på veg til Betlehem. Sjølv har eg tenkt å la Jostein Gaarder si bok «Julemysteriet» vere med og hjelpe meg med dette, som så mange år før.

Med ynskje om ei fin advents- og juletid! Så er eg takksam for at Britt Glomnes Willumsen har sagt seg villig til å skrive om sin salme i neste blad.

*Nå vandrer fra hver en verdenskrok
i ånden frem, i ånden frem
et uoverskuelig pilgrimstog
mot Betlehem, mot Betlehem.*

*Se, barna er foran, glad i flokk,
så kvinner og menn, så kvinner og menn.
Selv skjelvende gamle tar sin stokk:
Til krybben hen, til krybben hen!*

*For alle har samme hjertetrang
til julens fred, til julens fred.
Guds kirke i Norge, ved våg og vang,
følg med, følg med! Følg med, følg med!*

*Og finner du ham i krybbens hø
som hyrder så, som hyrder så,
da eier du nok til freidig å dø
og leve på, og leve på.*





Einar Rygg

Kyrkjebladet har sine medarbeidarar spreidde over heile landet! Einar Rygg er god gloppar som har budd og arbeidd det meste av livet i Øystese i Hardanger. Han har vore lektor på gymnaset der, men det er nokre år sidan han blei pensjonist. Kvart år, gjerne på vårparten eller tidleg på sommaren, kjem han til Gloppen med kamera og notatblokk, på «jakt» på alle gravplassane våre. «Då har eg snakka vel med kyrkjevjerje Kurt, som har gjeve meg oversikt over kvar det er kome nye graver sidan sist» forklarar han. Han fotograferer alle gravsteinar og legg bilda inn i eit stort, landsdekkande arkivsystem, med alle opplysningar som høyrer til. Det finst folk i heile landet som gjer det same, så dermed har vi ikkje berre kyrkjebøker å leite i for å finne opplysningar om avdøde personar, men også denne DIS-basen (Data i slektsforskningen), der ein gratis kan søkje etter personar og deira fødsel og død. «Eg må vere på plass tidleg på dag, for då skin sola på framsida av steinen», forklarar han på telefon. Vi forstår då at han ikkje rekk over alle gravplassane på ein dag. Vi har graver i Eimhjellen, ved Hyen kyrkje, ved gamle Gimmestad kyrkje, på Fredly i Bukta, på Vereide, og ved Breim kyrkje. Einar sender tips og råd om kva vi kan skrive om i vår «faste» spalte «Frå kyrkjegardane». Då vi hadde fått ideen om den nye spalta og fortalt om det i bladet, vart redaktøren tipsa om å ringe til Einar for idear og gode råd. Med det same han hørde kven som ringde, sa han: «Ja, det er rett! Eg veit kven du er og kvifor du ringjer! Det er nettopp meg du skal snakke med! Eg veit kva du driv med og kva du vil. Eg les Kyrkjebladet, forstår du!» No vil Kyrkjebladet takke, også her på trykk, for godt og fruktbart samarbeid, og gratulere med rund og forlengst runda dag! Vi ynskjer helse, glede og gode dagar!

Redaktøren rotar det til

Det hender at det blir kluss i forvekslinga og rask i forruskaren hos redaktøren! Til forrige nummer av bladet hadde Ingemar Sårheim sendt tekst til Min salme, slik vi hadde annonsert det i bladet før, og han hadde skrive om konfirmantjubileet i Breim og sytt for at redaksjonen hadde fått fine bilde. Og ingen ting av det kom med.

I staden for Ingemar sin salme, var det Berit Laila Høylo sin salme, «Ved Jesu føter» som kom med! Sidan den som skriv, også skal finne neste skrivar i stafetten, og skal opplyse om det i bladet, hadde Ingemar gjort det han skulle, og spurt Berit Laila. Ho reagerte raskt, skreiv og

sende inn, og redaktøren var glad når stoffet kom, utan å ense at Ingemar og hadde levert.

Men to salmar er betre enn ein salme, så i eit feitt julenummer finn vi plass til begge to. Og då er det Brit Evy Vik som har utfordra Britt Glomnes Willumsen til å delta. For tida er vi inne i ein «Breimsstafett», og det er berre positivt! Og konfirmantane er like fine om dei låg på vent til julenummeret. Berre sjå på side 38 og 39.

Og berre så du skal vite det: Eg har snakka med Ingemar for lenge sidan, og han aksepterte orsakinga!


Løysing på Fyrstikkeleik 1

Her er tolv fyrstikker. Tek du bort dei som er kvite, gjer du som oppgåva seier: Ta bort fem. Då kan du lese at det står EI igjen!



Løysing på Fyrstikkeleik 2

Eg du flink med fingrane og nett på handa, kan det hende du greier å lage denne pyramiden med tre fyrstikker i trekant ned på bordet, og tre sider i pyramiden ståande opp, har du laga fire like trekantar!



Kva med søndagsskulen i Breim?

Redaksjonen skulle gjerne ha presentert ei samla søge over søndagsskulen i alle deler av kommunen, men manglar stoff frå Breim. Viss du er ein skriveglad hobbyhistorikar, kan du jo gjere jobben: samle stoffet og skrive det ned! Eller kanskje du kjenner nokon du trur vi kan spørje? Eller du kan lage ei liste over

personar som kan ha opplysningar om «sin» del av saga? I dette nummeret er det Hestensøyra som blir skildra på seks sider. Noko tilsvarande kunne vi kanskje lage om søndagsskulen i Breim. Ta kontakt med Venke Kollbotn eller med redaktøren!



INGEMAR SÅRHEIM

Her er koret som Ingemar nemner, slik det såg ut i 50-åra. Vi tek med alle namna: Framme frå v.: Oliv Hetle, Hildegunn Flølo, Eli Råd, Borghild Reed, Styrkår Almenning, Valborg Sårheim, Anna Fløtre, Maria Reed og Jenny Kandal. Andre rekkja frå v.: Oddbjørg Johnsen, Agnes Råd, Borgny Lothe, Frida Jordanger og Kristina Reed. Tredje rekkja frå v.: Mildrid Støyva, Hildur Stensaker, Agnes Skrøppa, Klara Alværn, Dorthe Reed og Karoline Råd. Bak frå v.: Olav R Flølo, Einar Bogstad, Olav Kvile (som var solist), Arne Skrøppa, Olav B Bø, Arne Reed og Ole Nakken.

Kom til den hvitmalte kirke, o kom til Guds fredlyste hus

Namnet mitt er Ingemar Sårheim, og eg er den siste gjenlevande heile Sårheimar med far min frå Torgard og mor mi frå Utigard. Litt bonde, men mest organisasjonsarbeidar på alle plan, kommunepolitkar i ein mannsalder og dei siste åra i sokneråd og fellesråd.

Mi første store songoppleving fekk eg i Breimskyrkja tidleg i barneåra. Breim Blandakor med Styrkår Almenning som dirigent og Olav Kvile som solist, song "Kom til den hvitmalte kirke, o kom til Guds fredlyste

hus". Når Olav Kvile si lyse og vakre stemme i lag med Blandakoret fylte kyrkjerommet, var dette ei oppleving som sit som spikra 60 år seinare. Eg har likevel valt ein annan salme som "min salme", men den har og ei tilknytning til Breim kyrkje. Nokre år var eg med i det då nystarta Breimskoret. Ein av dei første songane som vi fekk frå dirigenten Arne Søholt, var Lina Sandell sin vakre "Bred dina vida vingar" (svensk folketone), ein song som Breimskoret ofte framførte også i Breim kyrkje. Ein vakker salme som no får bli Min salme i Kyrkjebladet.

*Bred dina vida vingar, o, Jesus över mig
och låt mig stilla vila i ve och väl hos dig!
Bliv du mitt allt i alla, min visdom och mitt råd,
och låt mig alla dagar få leva blott av nåd!*

*Förlåt mig alla synder och två mig i ditt blod!
Giv mig ett heligt sinne, en vilja ny och god!
Tag i din vård och hägnad oss alla, stora, små,
och låt i frid oss åter till nattens vila gå!*



- KONFIRMASJON
- BRYLLAUP
- GRAVFERD
- KVAR DAG OG FEST

Velkomen innom!

Advokatane
LOTHE MARDAL & GJENGEDAL
M.A.

Tlf. 57 88 44 00/Faks 57 88 44 01
Adresse: Grandavegen 5, 6823 Sandane. Postboks 138, 6821 Sandane
www.gloppenadvokat.no



Coop-bygget. Tlf. 57 86 59 57
gloppenelkjob.no

Eikenæs; **libris**



Nordstrandsvegen 10, 6823 Sandane
Tlf. 57 88 44 10 • eikenes@libris.no
www.libris.no/eikenes

NØMIL
NORDFJORD MILJØVERK

Saman for eit betre miljø

Ledig
annonse plass



Blomster og hagesenter
telefon 57 86 51 07

REMA 1000

SANDANE 8-22 (8-20)



Flår service og kunnskap betyr noko
DATA INSTITUTTET
www.datainstituttet.no

HYEN
RØR
TELEFON 97 03 92 28

Ryssdal kraft



svale



Sandane Gravferdsbyrå
Christina og Arne Jostein Gimmedal
Telefon 57 86 78 73
www.sandanegravierd.no
Vi hjelper deg også med:
- Gravstein
- Oppussing og tilføyning av namn
Ditt byrå i bygda



Ledig annonseplass

Firda elektro

Leif Lote elektro



Ledig annonseplass



Tannlege
Øyvind Seim

Tlf: 57 86 50 24

fjordaudio
din lokale lydformidlar



Jordnær og livskraftig

Grandavegen 9, 6823 Sandane

57 88 38 00

post @gloppen.kommune.no

www.gloppen.kommune.no

BRØDRENE AA



VEREIDE SOKN

Leiar i soknerådet: Elin Villung,
tlf: 57 86 64 84 / 97716902
elin.villung@enivest.net
Kyrkjetenar: Benny Aasen, tlf: 950 22 917
bv-aasen@online.no

BREIM SOKN

Leiar i soknerådet og kontorsekretær:
Venke Kollbotn, tlf. 97 77 73 83
Epost: venkekoll@hotmail.com
Kyrkjetenar: Audhild Bogstad. tlf: 970 24 913

GIMMESTAD SOKN

Leiar i soknerådet:
Aase Ryssdal Sæther, tlf:57 86 50 51 /
911 07 329. a-ryss@online.no
Kyrkjetenar: Benny Aasen, tlf: 950 22 917.
bv-aasen@online.no

HYEN SOKN

Leiar i soknerådet: Liv Øygard Solheim,
tlf: 57 86 96 59 / 958 61820.
liv-sol@online.no
Kyrkjetenar: Ola Jan Birkeland,
tlf: 57 86 98 32 / 975 91 747

Sokneprest i Vereide og Gimmestad

Vidar Bjotveit, tlf: 958 80 030
vidar.bjotveit@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Sandane kyrkje

Sokneprest i Breim og Hyen

Tore Myklebust, tlf: 456 01 260
tore.myklebust@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Prestebustaden i Breim.

Kyrkjeverje

Kurt Djupvik, kontor i Sandane kyrkje
Tlf kontor: 57 86 56 16. Mobil: 902 06 828.
post@gloppen.kyrkja.no

Diakonimedarbeidar i Gloppen

Britt Randi Heggheim, tlf: 908 47 592
britt.randi.heggheim@gloppen.kyrkja.no
Kontor i Sandane kyrkje

Kantor

Anders Rinde, mobil: 99720238
anders.rinde@gloppen.kyrkja.no
Vereide kyrkje, tlf: 57869306

Kantor/trusopplærar

Marièl Eikeset Koren, tlf: 90942503
mariel.eikeset.koren@gloppen.kyrkja.no
Kontorstad: Sandane kyrkje

Trusmedarbeidar:

Ingrid Bjørnereim, tlf 98803053
ingrid.bjornereim@gmail.com

Gravar/ kyrkjegardsarbeidar

Ivar Hjelle, tlf: 57 86 58 59 / 970 76 668

Døypte

Hyen

18.10.15

OLAV JOHANNES GJENGEDAL

TONE ELISABETH GJENGEDAL
Grete Karin Gjengedal
Anna Bygstad Vie
Kurt Hennøy
May Helen Gjengedal

Breim

18.10.15

MATHEA HETLE SOLVANG

ELIN HETLE
BJØRN SOLVANG
Daniel Solvang
Ivar Johan Hetle
Bent Arne Hetle
Jannike Felde
Trond Hetle
Anita Seime

29.11.15

MATHEO LØTVEIT DALE

SILJE LØTVEIT
TORE ANDRÈ DALE
Anette Løtveit
Anne-Marte Dale
Helge Løtveit
Tina Falch Eide
Morten Dale
Mathilde Elisabeth Reksten Dale

Vereide

29.11.15

IDA MARIE HESTENES

SYNNØVE MARIE HESTENES
KLAUS GUNNAR LUNDE
Ingvill Hestenes
Ola Steinar Hestenes
Tone Anita Nilsen
Linda Reite

29.11.15

BERET JOHANNE GLOPPESTAD

KAROLINE ALDIS BJERKESET
LEIDULF GLOPPESTAD
Gunn Kristin Svendsen
Solfrid Gloppestad Ersdal
Kjell Andreas Ersdal
Marit Noe Krakali

Gravlagde

Vereide

Synnøve Føleide	28.09.22	14.10.15	23.10.15
Ingebjørg Tennebø	29.06.25	24.10.15	30.10.15
Nils Rye	16.12.21	01.11.15	06.11.15

Breim

Jon Dale	09.08.22	17.10.15	22.10.15
----------	----------	----------	----------



Vi møtest i kyrkja

20. desember 4. s. advent. Matt 1,18-25	14.00	Hestenesøyra	Gudsteneste v/Vidar Bjotveit. Takkoffer: KFUK-KFUM Sogn og Fjordane. Kyrkjekaffi.
	16.00	Hyen	"Vi syng jula inn". Andakt v/Vidar Bjotveit. Takkoffer: Misjonsprosjekt i Nepal
24. desember Julafta Luk 2,1-20	14.00	Breim	Gudsteneste v/Tore Myklebust. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Breimskoret deltek.
	14.30	Vereide	Gudsteneste v/Vidar Bjotveit. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Korpskrefter deltek.
	16.00	Sandane	Gudsteneste v/Tore Myklebust. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Barnegospel deltek.
	16.00	Gimmestad	Gudsteneste v/Vidar Bjotveit. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Gimmestad
25. desember 1. juledag Joh 1,1-14	12.00	Vereide	Vereide Høgtidsgudsteneste v/Vidar Bjotveit. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Song av «Julekoret». Musikarar deltek.
	12.00	Breim	Høgtidsgudsteneste v/Tore Myklebust. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
26. desember 2. Juledag Joh 1,1-14	12.00	Gimmestad	Høgtidsgudsteneste v/Vidar Bjotveit. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
	12.00	Hyen	Høgtidsgudsteneste v/Tore Myklebust. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
31. desember Nyårsafta Matt 11,25-30	23.00	Gimmestad	Midnattsgudsteneste v/Tore Myklebust
1. januar Nyårsdag Matt 18,19-20	11.00	Sandane	Fellesgudsteneste v/Tore Myklebust. Takkoffer til Krik-Sandane.
3. januar. Kristi openberingsdag Joh 12,42-47	16.00	Gloppen omsorgss.	Gudsteneste v/Vidar Bjotveit. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Det nye soknerådet blir presentert. Markering av ny soknestruktur. Kyrkjekaffi.
10. januar. 2.s.i openberringstida Joh 1,29-34	11.00	Gimmestad	Gudsteneste v/Tore Myklebust. Nattverd. Takkoffer til Acta Sogn og Fjordane
	19.00	Fjordhestgarden	Stallmesse v/Tore Myklebust på Fjordhestgarden i Breim.
17. januar. 3.s.i openberringstida. Joh 1,15-18	11.00	Breim	Gudsteneste v/Vidar Bjotveit. Nattverd. Takkoffer til KFUK-KFUM Sogn og fjordane
	11.00	Hyen	Gudsteneste v/Tore Myklebust. Tårnagentgudsteneste. Takkoffer til KFUK-KFUM
	17.00	Sandane	Gudsteneste v/Vidar Bjotveit. Nattverd. Takkoffer til Krik-Sandane
24. januar Såmannssøndag Matt 13,24-30	11.00	Vereide	Gudsteneste v/Vidar Bjotveit og Vetle Karlsen Eide. Han er rådgjevar i diakoni og misjon i Bjørgvin bispedøme. Takkoffer til diakoniarbeidet i kommunen.
27. januar	20.00	Opa kyrkje	Kveldsbøn kl. 20.40
31. januar Kristi forkl.dag Luk 9,28-36	11.00	Gimmestad	Tårnagentgudsteneste v/agentar og Vidar Bjotveit. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
	11.00	Breim	Tårnagentgudsteneste v/agentar og Tore Myklebust. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
7. februar Fastelavenssøndag Luk 18,31-34	11.00	Hyen	Gudsteneste v/Tore Myklebust. Nattverd. Takkoffer til Bibelselskapet
	17.00	Sandane	Søndagssamling. Gratis mat kl 18:15
10. februar Askeonsdag Mark 2,18-20	18.00	Vereide	Skriftemålgudsteneste v/ Vidar Bjotveit.
11. februar	16.00	Gloppen omsorgss.	Nattverdsgudsteneste v/ Vidar Bjotveit.
14. februar 1.s.i fastetida Matt 26,36-45	11.00	Breim	Gudsteneste v/Tore Myklebust. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
	20.00	Sandane	Gudsteneste v/Tore Myklebust. Nattverd. Takkoffer til IKO



Rembrandt måla ofte dei same motiva om igjen – og «Hyrdane tilber Jesusbarnet» vart måla i to versjonar i 1646. Det måleriet som er gjeve att her er inspirert av Lukas 2.16, der vi kan lese at gjetarane skunda seg til Betlehem og fann Maria, Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Vi ser to av gjetarane som kneler for Jesusbarnet. Legg merke til at lyset frå Jesusbarnet er mykje sterkare enn lyset frå lampa. Det andre måleriet med same motiv og likelydande tittel er gjeve att på side 42, saman med ein artikkel skriven av Kari Gåsemyr.